SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval:	**Kontrollutval - Gloppen kommune**
Møtedato:	**23.08.2012**
Møtetid:	**10.00**
Stad:	**Møterom 1. etg.**
Møtenr.:	**4/2012**
Innkalling:	**Faste medlemer til kontrollutvalet, Rådmannen (sak 22 og 23/12), Revisor (sak 23/12).**
Melding til:	Ordførar(møte- og talererett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

020/12 Godkjenning innkalling og sakliste
021/12 Skriv og meldingar.
022/12 Orientering leiarutviklingsprogram.
023/12 Plan forvaltningsrevisjon – Gloppen kommune.
024/12 Budsjett for drift av kontrollutvalet 2013.
025/12 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune.
026/12 oppfølgingsliste 3-2012 Gloppen.
027/12 Eventuelt.

Gloppen 16.08.2012

Bjarne Bø (s)
Leiar

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

020/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.06.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	23.08.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

021/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	23.08.2012	021/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 09-12	Brev frå kontrollutvalet til Gloppen kommune om Reglement for kontrollutvalet Gloppen kommune, datert 23.02.2012.
SM 10-12	Brev frå rådmannen til Fylkesmannen om rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet, datert 23.02.12.
SM 11-12	E-post frå Sekom til sh Gloppen kommune og Fylkeskommunen, datert 23.02.12.
SM 12-12	Brev frå Fylkesmannen til Gloppen kommune om sak som gjeld rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet – førebels svar, datert 26.04.12.
SM 13-12	Brev frå Fylkesmannen til Gloppen kommune om sak som gjeld rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet, datert 21.06.2012.
SM 14-12	E-post til Gloppen kommune om rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.
SM 15-12	Reglement Godtgjersle til folkevalde i Gloppen kommune.
SM 16-12	Epost frå Sekom sekretariat til Glopopen kommune om Papirlaust kontrollutval – Gloppen, datert 23.02.12.
SM 17-12	Vedtak kst sak 009/12 Referat- og orienteringssaker.
SM 18-12	Brev frå Gloppen kommune til SEKOM –sekretariat – «Nyval av kontrollutval i Gloppen», datert 19.06.2012.
SM 19-12	E-post frå SEKOM-sekretariat til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - «Nyval av kontrollutval i Gloppen», datert 3. juli 2012.
SM 20-12	Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune. – «Nyval av kontrollutval i Gloppen kommune, datert 04.07.2012.
SM 21-12	Vedtak 034/12 i Gloppen kommunestyret – Rekneskapen for 2011 og disponering av overskotet.
SM 22-12	Vedtak 032/12 i Gloppen kommunestyret – Refferatsaker.
SM 23-12	Selskapskontroll (eigarkapskontroll) i Firda Billag 2011, utført av SF revisjon i 2011.
SM 24-12	Brev frå SEKOM-sekretariat til Gloppen kommune – «Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 9-12

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Formannskapet i Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 SANDANE

Førde, 23.02.2012

Dykkar ref.: Vår ref.: At Jnr.: 97 Arkiv: Gloppen

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET GLOPPEN KOMMUNE

I kontrollutvalsak 02/12 Skriv og meldingar SM-02-12, som var til handsaming i kontrollutvalet 22.02.2012, låg formannskapet si sak 018/12 "Nytt reglement for kontrollutvalet" som stod på saklista for handsaming i formannskapsmøte 09.02.2012 ved. Kontrollutvalet gjer merksame på at kontrollutvalet skal vere uavhengige i høve andre politiske organ og administrasjonen, og at kontrollutvalet også har eit sekretariat som skal vere uavhengige i høve administrasjonen og revisjonen. Kontrollutvalet gjer også merksame på at saker frå kontrollutvalet normalt skal fremjast direkte til kommunestyret for handsaming, og at det såleis er kontrollutvalet som har innstillingsrett. Rådmannen sin uttalerett, som går fram av kommunelova §77 pkt. 6 vil vanlegvis vere avgrensa til dei saker der kontrollutvalet har påpeika tilhøve vedrørande administrasjonen.

Når det gjeld reglementet som kontrollutvalet har lagt fram for kommunestyret, så er dette identisk med reglementa for kommunane Førde, Jølster og Bremanger og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Tilsvarande reglement vert i nær framtid også lagt fram for kontrollutvalet i Flora. Reglementet var juridisk vurdert før det vart vedteke i Fylkeskommunen.

På grunnlag av dette vurderer kontrollutvalet det slik at reglementet med saksutgreiing frå kontrollutvalshandsaminga skal gå uendra til kommunestyret.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- Kontrollutvalet ber formannskapet trekkje saka frå sakskartet.

Saka frå kontrollutvalet ligg ved.

Asgeir Tveit

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat

Vedlegg

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SM 10-12

GLOPPEN KOMMUNE
SERVICETORGET

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Att:

Dykkar ref	Vår ref (oppgje ved svar)	Arkivopplysningar	Dato
	12/1996	11/983-28 / 033 / / &00	23.02.2012

Rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet

Eg viser til vedlagde brev frå kontrollutvalet til formannskapet, som kjem på bakgrunn av formannskapssak 18/12, som også ligg ved.

Rådmannen ønskjer på ingen måte å lage eller ha noko usemje med kontrollutvalet/ kontrollutvalet sitt sekretariat. Tvert imot ønskjer rådmannen sjølvsagt eit godt og ryddig tilhøve både til utvalet og SEKOM-sekretariatet.

Eg ber likevel om Fylkesmannen si vurdering av den problemstillinga kontrollutvalet her tar opp. Er det rett at rådmannen og formannskapet i saker som t.d. gjeld organisering av kontrollfunksjonen – slik som her – ikkje skal ha høve til å uttale seg? I så fall skal vi sjølvsagt slutte med det. Spørsmålet blir då korleis rådmannen og evt. formannskapet skal kunne formidle til kommunestyret tilhøve som kan vere feil eller gjerast på andre måtar enn det kontrollutvalet tilrår. Eg snakkar her ikkje om kontrollsaker.

Problemstillingane går elles fram av vedlegga til dette brevet.

Med helsing

Jan Kåre Fure
sekretariatsjef
tlf. 57 88 38 28

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
168529	Reglement kontrollutvalet Gloppen - merknad frå kontrollutvalet
166247	Nytt reglement for kontrollutvalet

Kopi til:
Sekom-sekretariatet Postboks 338 6802 FØRDE

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:	E post:
6823 Sandane	57 88 38 00	57 88 38 01	964 969 124	post@gloppen.kommune.no

Tveit Asgeir SM 11-12

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 23. februar 2012 17:16
Til: 'Jan Kåre Fure'; 'post@fmsf.no'
Kopi: Øvrebø Vidar; 'Jan Kåre Fure (jan.kare.fure@gloppen.kommune.no)'; 'Strand Geir Liavåg (strandgk@online.no)'
Emne: SV: Rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet

Hei!

Her er det som står i kontrollutvalsboka om reglement for kontrollutvalet. Sjå evt. side 21 i kontrollutvalsboka på vedlagte lenkje.

http://www.sekom.no/artikkel.aspx?AId=2429&back=1&MId1=962

Reglement for kontrollutval
For å gjere rammene for, og innhaldet i oppgåvene til kontrollutvalet klårare, kan kommunestyret fastsetje eit reglement for utvalet. Reglementet kan mellom anna romme retningslinjer for val, samansetjing av utvalet, retningslinjer for sakshandsaminga i utvalet og ei skildring av oppgåvene til utvalet. Vidare kan reglementet omfatte krav til møtehyppigheit, rutinar knytte til budsjetthandsaming, og retningslinjer for evaluering av verksemda til kontrollutvalet (sjå tipsboks).
Reglementet kan ikkje fastsetje retningslinjer som avgrensar, eller som er i strid med, gjeldande regelverk for kontrollutvalet.
Det er som regel kontrollutvalet som utarbeider framlegg til reglement, med støtte frå sekretariatet. Reglementet for kontrollutvalet skal handsamast i kommunestyret på tilsvarande måte som reglement for andre politiske utval.22 For å sikre at reglementet er oppdatert bør ein gjennomgå, og eventuelt revidere det, minimum ein gong i valperioden.

Fra: Jan Kåre Fure [mailto:jan.kare.fure@gloppen.kommune.no]
Sendt: 23. februar 2012 14:19
Til: post@fmsf.no
Kopi: Tveit Asgeir
Emne: Rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet

Hei!

Sjå vedlagde brev som berre blir sendt på denne måten.

Vennleg helsing
Jan Kåre Fure

SM 12-12

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Ove Midtbø
Telefon: 57643176
E-post: fmsfomi@fylkesmannen.no

Vår dato
26.04.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/959 - 322
Dykkar referanse

Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 Sandane

Sak som gjeld rådmannen og formannsskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet - førebels svar

Vi viser til brev frå Gloppen kommune av 23.02.2012 som gjeld spørsmål om rådmannen og formannsskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet. Vi viser også til brev frå kommunen av 25.04.2012, der det vert etterlyst svar i saka.

Vi beklagar at vi enno ikkje har fått tid til å svare på denne førespurnaden, og at vi ikkje har sendt førebels svar tidlegare. Men vi vil forsøke å få handsama førespurnaden i løpet av kort tid, og seinast innan 11.mai 2012.

Med helsing

Ove Midtbø
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vert berre sendt elektronisk til Gloppen kommune

SM 13-12

KOPI

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Ove Midtbø
Telefon: 57643176
E-post: fmsfomi@fylkesmannen.no

Vår dato
21.06.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/959 - 322
Dykkar referanse

Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 Sandane

Rådmannen og formannskapet si rolle i saker frå kontrollutvalet

Vi viser til brev frå Gloppen kommune av 23.02.2012, der det vert stilt spørsmål ved kva rolle rådmannen og formannsskapet skal ha i saker frå kontrollutvalet. Konkret vert det bedt om ei vurdering frå Fylkesmannen av om det er rett at rådmannen og formannsskapet ikkje skal ha høve til å uttale seg under saksførebuinga i saker som gjeld kontrollutvalet si organisering.

Bakgrunnen for saka
I denne aktuelle saka har sekretariatet på vegner av kontrollutvalet utarbeidd framlegg til reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune. Framlegget er lagt fram for kommunestyret for godkjenning, utan at kontrollutvalet har innhenta uttale frå rådmannen eller formannsskapet på førehand.

I formannsskapsmøte den 09.02.2012, sak 18/12, har rådmannen gjort ei vurdering av kontrollutvalet sitt framlegg til reglement, og han har i si tilråding til formannsskapet kome med framlegg til endringar i framlegget, utan at kontrollutvalet har bedt om dette.

I brev av 23.02.2012 til formannsskapet i Gloppen kommune gjev Sekom-sekretariatet på vegner av kontrollutvalet klart uttrykk for at deira framlegg til reglement skal gå uendra til kommunestyret. Samstundes gjorde kontrollutvalet vedtak om at formannskapssaka med rådmannen si tilråding med framlegg til endringar i reglementet, skulle trekkjast frå sakskartet, jf. kontrollutvalssak 02/12.

I brev av 23.02.2012 ber Gloppen kommune om at Fylkesmannen vurderer om det er rett at rådmannen og formannsskapet ikkje skal ha høve til å uttale seg under saksførebuinga i saker som til dømes gjeld organiseringa av kontrollfunksjonen.

Fylkesmannen si vurdering
I kommunelova § 77, jf. forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.juni 2004, er det gjeve nærare føresegner om kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal vere eit kontrollorgan for kommunestyret, og det er eit viktig prinsipp at kontrollutvalet skal vere eit uavhengig organ, som tek i vare sin kontrollfunksjon utan påverknad frå kommuneadministrasjonen eller dei politiske organa i kommunen.

Det er utvalet sitt sekretariat som styrer og har ansvar for å førebu saker på vegner av kontrollutvalet. I kommunelova § 77 nr. 6, andre setninga, er det fastsett at *Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.* Denne regelen gjeld for kontrollsaker som vert rapportert til kommunestyret.

I sak som gjeld reglement og organisering av kontrollutvalet, er det sekretariatet for kontrollutvalet som utarbeider framlegg til reglement og sender dette til kommunestyret for endeleg avgjerd. Kontrollutvalet sitt framlegg til reglement skal gå uendra til kommunestyret for handsaming. Kommunestyret vedtek reglementet etter dei vanlege reglane som gjeld om vedtak av reglement, jf. kommunelova § 39 nr.1.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er gjeve reglar om at kontrollutvalet *skal* innhente uttale frå rådmannen og formannsskapet som ein del av saksførebuinga i sak som gjeld organiseringa av kontrollfunksjonen. Det er på den andre sida ingen reglar som er til hinder for at rådmannen eller formannsskapet *kan* uttale seg om saksframlegg frå kontrollutvalet til kommunestyret, utan at dei vert særskilt oppmoda av kontrollutvalet om å gjere dette.
Vi kan derfor ikkje sjå nokon grunn til å ikkje bruke administrasjonen som ein ressurs i ei sak som dette.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kontrollutvalet har heimel for å krevje at saksdokumenta og vurderingane frå rådmannen i formannskapsmøtet den 09.02.2012 i sak 18/12, skal fjernast frå sakskartet. Det er opp til kommunestyret å bestemme korleis dei vil bruke innspel frå administrasjonen og formannskapsmøtet. Om kommunestyret kjem til at det er grunnlag for å gjere ytterlegare utgreiingar eller endringar i kontrollutvalet sitt framlegg til reglement, står kommunestyret fritt til å be om det.

Med helsing

Turid Måseide
juridisk sjef

Ove Midtbø
rådgjevar

Brevet vert berre sendt elektronisk til Gloppen kommune

Kopi per post til
Sekom-sekretariatet Postboks 338 6802 FØRDE

Brevet er elektronisk godkjent

SM 14-12

Tveit Asgeir

Fra:	Tveit Asgeir
Sendt:	23. februar 2012 12:33
Til:	'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Kopi:	'Jan Kåre Fure (jan.kare.fure@gloppen.kommune.no)'; Bjerkeset Karoline (kab@sp.no); Bø Bjarne (bjarne.bo@enivest.net); Hovstad Svein Helge (svein.hovstad@online.no); Hysing Jenny (jenny.hysing@statped.no); Jacobsen Tone Lise (tonelise71@hotmail.com); Moen Irene (irene@gloppenhotell.no); Os Hans (hans.os@enivest.net); Strand Geir Liavåg (strandgk@online.no)
Emne:	VS: Kontrollutvalsak 011/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
Vedlegg:	Rapport Gloppen.pdf; 011_11 - Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.pdf; KS-eigarforum - 19 tilrådingar.pdf

I kontrollutvalsmøte 22.02.2012 under sak 006/12 Oppfølgingsliste 1-2012 konstaterte kontrollutvalet at rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, som vart handsama i kontrollutvalet 1. juni 2011 og sendt Gloppen kommune same dag for handsaming i kommunestyret, enno ikkje er lagt fram for kommunestyret. Kontrollutvalet ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret ved første høve. Oversendinga frå 1. juni 2011 følgjer på nytt.

Med helsing

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat

e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 1. juni 2011 15:04
Til: 'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Emne: Kontrollutvalsak 011/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Vedlagt følgjer kontrollutvalsak 011/11 Rapport eigarskapskontroll alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.

Vi ber om at saka vert sendt kommunestyret til handsaming.

Med helsing

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10

SM 15-12

Godtgjersle til folkevalde i Gloppen

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Gloppen, fastsett av kommunestyret den 13. desember 2010. Satsan grunnlag at godtgjesla til stortingsrepresentantane er kr 750.900,-.

Last ned skjema for reiser og tapt arbeidsforteneste!

I: Omfang og former for godtgjersle

§ 1-1 Heimel
Reglementet er fastsett i medhald av kommunelova §§ 41 og 42.

§ 1-2 Omfang
Reglementet gjeld for folkevalde ombod i kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova eller særlov.

Reglementet gjeld i tillegg til kommunale møte også for representasjon i styre og råd og på møte og konferans betalar godtgjersle.

§ 1-3 Former for godtgjersle
Reglementet omfattar følgjande former for godtgjersle:
1. Møtegodtgjersle, fast og variabel
2. Tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekking.

II: Møtegodtgjersle

§ 2-1 Grunnlag
Møtegodtgjersla i Gloppen er knytt til godtgjersla til ordføraren, som igjen er knytt til den faste godtgjersla til Godtgjersla skal regulerast fortløpande etter endringane i representantgodtgjersla på Stortinget. Reguleringa kvart år.

§ 2-2 Fast godtgjersle
Fast godtgjersle blir utbetalt slik:

- Ordførar: årleg godtgjersle tilsvarande 85 % av representantgodtgjersla på Stortinget (i 2012 kr 638.265,-)
- Varaordførar: årleg godtgjersle tilsvarande 10 % av ordføraren si godtgjersle (i 2012 63.826,50)
- Dei andre medlemmene i formannskapet og leiarane i hovudutvala: årleg godtgjersle tilsvarande 4 % av ordf

§ 2-3 Variabel møtegodtgjersle
Den variabel møtegodtgjersla utgjer per møte 1 ‰ av ordføraren si godtgjersle (i 2012 kr 638,25). Leiarar i utv utbetalt per møte 1,5 ‰ av ordføraren si godtgjersle (i 2012 kr 957,40). I utval der leiar eller andre medlemm utbetalt ytterlegare 1,5 ‰ for denne funksjonen (i 2012 kr 957,40). Det blir ikkje betalt møtegodtgjersle for m

Folkevalde som mottar fast årleg godtgjersle, får ikkje møtegodtgjersle i det utvalet som den faste godtgjersl godtgjersle og formannskapsmedlemmene og utvalsleiarane får ikkje møtegodtgjersle for møte i kommunestyr

III: Utgiftsdekning

§ 3-1 Tapt arbeidsforteneste
Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgje

a.
Ulegitimert tap: kr 180,- per time, maksimum kr 1.800,- per dag, inkludert feriepengar. Dei som kan sannsynle 180,- per time, får dekka tapt arbeidsforteneste etter pkt. b.

b.
Med legitimasjon (trekk i lønn): inntil kr 1.800,- per døgn, inkludert feriepengar.

Satsane blir regulert kvart år tilsvarande auken i avlønninga for assistent i topplønn i det kommunale lønnsreg gjort frå 1. januar kvart år.

§ 3-2 Skyss- og kostgodtgjersle
Folkevalde har rett på skyss- og kostgodtgjersle etter kommunen sitt reiseregulativ.

§ 3-3 Pass av barn

Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn i samband med kommunale møte etter satsane i § 3-1, punkt a.

IV: Særskilde reglar

§ 4-1 Utbetaling
Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt automatisk. Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtg der kommunen ikkje fører møtebok, blir utbetalt etter rekning.

§ 4-2 Tolking av reglementet
Formannskapet tolkar reglementet og tar stilling til tvilstilfelle.

§ 4-3 Iverksetjing m m
Reglementet gjeld frå 1. januar 2011. Frå same tidspunkt blir reglementet for godtgjersle til folkevalde i Glopp juni 2002, oppheva.

Publisert av Jan Kåre Fure. Sist endra 22.12.2011
Tilbake Tips ein venn Utskriftsvennleg versjon
Del på facebook

SM 16-12

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 23. februar 2012 12:21
Til: 'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Kopi: 'Jan Kåre Fure (jan.kare.fure@gloppen.kommune.no)'; Bjerkeset Karoline (kab@sp.no); Bø Bjarne (bjarne.bo@enivest.net); Hovstad Svein Helge (svein.hovstad@online.no); Hysing Jenny (jenny.hysing@statped.no); Jacobsen Tone Lise (tonelise71@hotmail.com); Moen Irene (irene@gloppenhotell.no); Os Hans (hans.os@enivest.net); Strand Geir Liavåg (strandgk@online.no)
Emne: Papirlaust kontrollutval - Gloppen
Vedlegg: 005.12 - Papirlaust kontrollutval.pdf

Kontrollutvalet i Gloppen handsama i kontrollutvalsmøte 14.02.2012 sak om papirlaust kontrollutval i sak 005/12 Papirlaust kontrollutval.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:
- Kontrollutvalet vil på noverande tidspunkt halde på den løysinga dei har vedrørande utsending av dokument til kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet ber om å få bli med i dei vurderingane som vert gjort i høve til løysinga med politisk plattform.

Kontrollutvalet kjem etter dette inntil vidare å halde fram med den løysinga som vert nytta i dag ved utsending av dokument, som kort skissert er slik:
Møteinnkalling vert lagt ut på heimesida til Sekom sekretariat. I tillegg vert det sendt innkalling pr. post til faste medlemer i utvalet og til varamedlemer til utvalet som skal møte. Møtebøker vert lagt ut på heimesida til kontrollutvalet. All postkorrespondanse mellom Sekom sekretariat, Gloppen kommune og medlemer i kontrollutvalet skjer pr. e-post.

Kontrollutvalet ynskjer likevel å vere med i dei vurderingane som vert gjort vidare i Gloppen kommune i høve til løysinga med politisk plattform. Dette inneber at dersom det er moment som kan vere nyttige for kontrollutvalet vedrørande denne løysinga, så vil kontrollutvalet ha informasjon om dette og ha høve til å vurdere om det er aktuelt for kontrollutvalet å bli implimentert i løysinga.

Saka frå kontrollutvalet ligg ved.

Vi ber om at saka frå kontrollutvalet vert lagt fram for kommunestyret som meldingsak.

Med helsing

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat
e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10

SM17-12

GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**
Kommunestyret	19.03.2012	009/12

Avgjerd av: Kommunestyret **Saksbehandlar:** Jan Kåre Fure	**Arkiv:** 033 **Objekt:**	**Arkivsaknr.:** 12/526

Referat- og orienteringssaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12/938	I	24.01.2012	Det Kongelige Miljøverndepartement	Reoppnemning av medlemmar til verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
2	12/939	I	24.01.2012	Det kongelige Miljøverndepartement	Reoppnemning av medlemmar til verneområdestyret for Ålfotbreen landskapsvernområde
3	12/1102	I	30.01.2012	Skatteoppkrevjaren i Gloppen	Skatterekneskapen for 2011
4	12/1992	I	23.02.2012	SEKOM-sekretariatet	Papirlaust kontrollutval - Gloppen

Referatsakene ligg ved.

Orienteringar:

Bondelaga i Gloppen vil presentere landbruket i Gloppen og orientere om jordbruksforhandlingane 2012 og matmeldinga. Det er sett av 20 minutt først i møtet til dette.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret har ingen merknader til dei refererte skriv og meldingar.

19.03.2012 KOMMUNESTYRET

Egil Fjellestad og Anders Felde orienterte om landbruket i Gloppen.

009/12 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

SM 18-12

GLOPPEN KOMMUNE
SERVICETORGET

SEKOM-sekretariat
Postboks 338

6802 FØRDE

Att:

Dykkar ref	Vår ref (oppgje ved svar)	Arkivopplysningar	Dato
	12/6749	11/1052-32 / 033 / /	19.06.2012

Nyval av kontrollutval i Gloppen

Kommunestyret i Gloppen valde nytt kontrollutval på møtet den 18. juni i år.

Det nye kontrollutvalet ser slik ut:

Bjarne Bø, leiar
Hans Os, nestleiar
Svein Helge Hovstad
Irene Moen
Tone Lise Jakobsen.

Vara i rekkefølgje:
1. Vigdis Henden
2. Karoline Bjerkeset
3. Jenny Hysing.

Ingen av medlemmene sit i dag i kommunestyret. Ordføraren har fått opplyst hos Fylkesmannen at det ikkje er krav om at minst eitt av medlemmene skal vere med i kommunestyret ved nyval i perioden.

Med helsing

Jan Kåre Fure
sekretariatsjef
tlf. 57 88 38 28

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:	E post:
6823 Sandane	57 88 38 00	57 88 38 01	964 969 124	post@gloppen.kommune.no

SM19-12 329/12

Sekom postmottak

Fra:	Sekom postmottak
Sendt:	3. juli 2012 13:32
Til:	'Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (fmsfpost@fylkesmannen.no)'
Kopi:	'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'; 'Markvard Sunde'; 'marit.elisabeth.larssen@gloppen.kommune.no'; 'ordforar@gloppen.kommune.no'; 'Jan Kåre Fure'; Bjerkeset Karoline (kab@sp.no); Bø Bjarne (bjarne.bo@enivest.net); Hovstad Svein Helge (svein.hovstad@online.no); Hysing Jenny Sorterup (jenny.sorterup.hysing@statped.no); Jacobsen Tone Lise (tonelise71 @hotmail.com); Moen Irene (irene@gloppenhotell.no); Os Hans (hans.os@enivest.net); vigdis.henden@sfj.no
Emne:	Nyval kontrollutval Gloppen kommune - Vurdering av om valet er lovleg
Vedlegg:	Nyval av kontrollutval i Gloppen.pdf

I Gloppen kommune vart det 18 .06.2012 valt nytt kontrollutval. I det nye kontrollutvalet er det ikkje medlemer som også sit i kommunestyret. Kapittel 2 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar heimlar val av kontrollutval og utskifting av medlemer:

Kap. 2. Kontrollutvalgets sammensetning. Utskifting av medlemmer

§ 2. *Valg og sammensetning*

Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning på sine vegne. Utvalget skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.

Minst ett av utvalgets medlemmer skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utvalgets leder og nestleder har møte- og talerett i kommunestyret og fylkestinget når utvalgets saker behandles.

§ 3. *Utskifting av medlemmer*

Kommunestyret eller fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer. Ved utskifting av ett eller flere medlemmer av utvalget skal det foretas nyvalg av samtlige medlemmer i utvalget.

Av forskrifta går det fram at minst eitt av meldlemene i kontrollutvalet skal veljast blant medlemene i kommunestyret, men det går ikkje fram av forskrifta at ein kan unnlate dette ved nyval. I brev om vedtaket frå Gloppen kommune 19.06.2012 går det fram at Ordførar i Gloppen kommune har fått opplyst hos Fylkesmannen at det ikkje er krav om at minst eitt av medlemene skal vere med i kommunestyret ved nyval i perioden. Kommunerevisjonen i Nordfjord har i epost 02.07.2012 peika på at det ikkje er medlemer frå kommunestyret i kontrollutvalet. Då det herskar tvil om at kontrollutvalet i Gloppen er rett valt, har vi vurdert det slik at vi hentar inn ei stadfesting frå Fylkesmannen på at valet av nytt kontrollutval i Gloppen kommune er rett gjort.

Vi ber om Fylkesmannen si vurdering av om kontrollutvalet i Gloppen valt av kommunestyret 18.06.2012 er lovleg valt.

Brev frå Gloppen av 19.06.2012 med opplysning om Nyval av kontrollutval i Gloppen ligg ved.

Med helsing

Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtvt

Fra: Gunnar Ryste [mailto:gunnar.ryste@enivest.net]
Sendt: 2. juli 2012 11:02
Til: Sekom postmottak
Kopi: markvard.sunde@stryn.kommune.no
Emne: VEDR. NYVAL AV KONTROLLUTVAL I GLOPPEN KOMMUNE

Hei,

Kommunestyret i Gloppen kommune har den 18. juni 2012 gjort vedtak i sak om nyval av kontrollutval, jf. sak 047/12. å eg ikkje kan sjå at det forskriftsmessige kravet om at minst ein medlem skal vere medlem i kommunestyret (Ku-forskrifta §2, 2. avsnitt) er oppfylt i nemnde ks-sak, sender eg denne saka over til dykk for nærmare vurdering.

Mvh

Gunnar Ryste
KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

SM 20-12

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Jorun Myklebust
Telefon: 57 64 31 84
E-post: fmsfamy@fylkesmannen.no

Vår dato
04.07.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/3087 - 323
Dykkar referanse

Elektronisk mottakar:
Gloppen kommune

Nyval av kontrollutval i Gloppen kommune 18 juni

Fylkesmannen er kjend med at kommunestyret i Gloppen hadde møte måndag 18.06.2012. I møtet vart det halde nyval av medlemane til kontrollutvalet.

I e-post den 03.07.2012 ber SEKOM-sekretariat v/ Asgeir Tveit om ei vurdering frå Fylkesmannen av om kontrollutvalet er lovleg valt. Bakgrunnen for førespurnaden er at det ikkje er medlemar frå kommunestyret med i det nyvalde kontrollutvalet. Det vert vist til kapittel 2 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, som stiller krav om at minst eitt av medlemmane i kontrollutvalet skal veljast blant medlemane i kommunestyret. Det vert også vist til at det i brev om vedtaket går fram at Fylkesmannen har opplyst om at det ikkje er krav om at minst eitt av medlemmane skal vere med i kommunestyret ved nyval i perioden. E-posten frå SEKOM-sekretariat følgjer vedlagt. Vi legg også ved departementet sin uttale om tolkinga av kommunelova § 77 nr. 1, som Fylkesmannen orienterte om i forkant av valet.

Fylkesmannen vil vurdere om det er aktuelt å handsame saka etter reglane om lovlegkontroll, jf. kommunelova § 59 nr. 5. Vi ber derfor kommunen om ein uttale der de gjer greie for det som har skjedd, og kva vurderingar som vart gjort kring valet av medlemmane til kontrollutvalet. Vi ber om at de legg ved kopi av møtebok og eventuell anna dokumentasjon som er relevant for saka. Vi ber også om ei oversikt over medlemane i kommunestyret, der det for kvart medlem vert opplyst kva som er årsaka til at han/ho er utelukka frå val til kontrollutvalet.

Vi ber om snarleg svar på denne førespurnaden, og seinast innan 01.08.2012.

Med helsing

Turid Måseide
juridisk sjef

Anne Jorun Myklebust
rådgjevar

Vedlegg:
1. E-post, SEKOM – sekretariat v/ Asgeir Tveit
2. Uttale frå Kommunal – og regionaldepartementet

Elektronisk kopi utan vedlegg:
SEKOM- sekretariat v/Asgeir Tveit

Brevet er elektronisk godkjent

DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
E. C. Dahls gate 10

7012 TRONDHEIM

Deres ref	Vår ref	Dato
	08/640-3 SDA	01 JUL 2008

Fortolkningsspørsmål vedrørende kommuneloven

Vi viser til e-poster av 27. februar 2008.

Departementet har følgende kommentarer til de spørsmål som reises:

Fortolkning av kommuneloven § 10 a

1. Er varamedlem til kontrollutvalg utelukket fra valg til kommunestyrekomité?
Den klare hovedregelen er at samtlige kommunestyremedlemmer skal sitte i kommunestyrekomiteene, jf. kommuneloven § 10 a nr. 2 første punktum. I andre punktum i samme bestemmelse er det imidlertid fastsatt at medlem av kontrollutvalget som sitter i kommunestyret er utelukket fra valg til kommunestyrekomiteer.

I forarbeidene til bestemmelsen (Ot.prp. nr. 96 (2005 – 2006) side 40) uttaler departementet:
".....Komiteene har en sentral posisjon som meningsytringsorgan, og kontrollutvalgsmedlemmer bør ikke ha innflytelse på beslutninger i andre politiske organ. Dette kan tale for at kontrollutvalgsmedlemmer bør være utelukket fra valg til komiteene."

Det er ikke drøftet nærmere hva som ligger i uttrykket "medlemmer". Vi viser til at loven i andre sammenhenger (for eksempel § 77 nr. 1 og 2) uttrykkelig bruker benevnelsen medlemmer og varamedlemmer når det er meningen at begge grupper skal omfattes. Dette kunne tale for å fortolke bestemmelsen i § 10 a nr. 2 slik at den kun omfatter faste medlemmer. De hensyn som tilsier at kontrollutvalgsmedlemmer ikke kan være

Postadresse: Postboks 8112 Dep 0032 OSLO
Kontoradresse: Akersg. 59
Telefon * 22 24 90 90 / Org. nr.: 972 417 858
Kommunalavdelingen Telefaks:
Saksbehandler: Steinar Dalbakk 22 24 72 53

medlem av kommunestyrekomiteer taler imidlertid for at også varamedlemmer til kontrollutvalget må være utelukket fra valg til kommunestyrekomiteer.

Et varamedlem til kontrollutvalget vil kunne bli innkalt til møte i utvalget ved forfall, og kan i praksis også fungere som medlem, for eksempel når det ordinære medlemmet har forfall over en lengre periode. Departementet mener dette tilsier en utvidende tolking av bestemmelsen, slik at heller ikke varamedlem til kontrollutvalget er valgbar til kommunestyrekomiteer. Dette er også løsningen som er valgt i kommuneloven § 77 nr. 2 når det gjelder valgbarhet til kontrollutvalget. På denne bakgrunn antar departementet at begrepet medlemmer i kommuneloven § 10a nr. 2 annet punktum også omfatter varamedlemmer til kontrollutvalget.

2. Er medlem av kommunestyrekomité utelukket fra å stille til valg til kontrollutvalget?
Kommuneloven § 77 nr. 2 inneholder regler om hvem som er utelukket fra valg til kontrollutvalg. Bestemmelsen må antas å være uttømmende. Kommunestyrekomiteer er ikke nevnt blant de organer hvis medlemmer er utelukket fra valg. Departementet antar derfor at det ikke er i strid med loven om et medlem av en kommunestyrekomite stiller til valg til kontrollutvalget. Det følger imidlertid av kommuneloven § 10 a nr. 2, jf. § 15 nr. 1, at vedkommende i så fall må tre ut av kommunestyrekomiteen, dersom han/hun skulle bli valgt inn i kontrollutvalget.

Fortolkning av kommuneloven § 77 nr. 1
Loven § 77 nr. 1 fjerde punktum fastsetter at minst ett medlem av kontrollutvalget skal velges blant kommunestyrets medlemmer. Denne bestemmelsen trådte i kraft 1. november 2007. Det var opprinnelig fastsatt at bestemmelsen skulle tre i kraft 1. juli 2004, jf. kgl.res. av 12. desember 2003. Ved kgl.res. av 18. juni 2004 ble det imidlertid bestemt at bestemmelsen først skulle tre i kraft når neste kommunevalgperiode startet, hvilket noe upresist er formulert som 1. november 2007 i ikrafttredelsesvedtaket. En ren bokstavfortolkning av ikrafttredelsesbestemmelsen kan tilsi at den ikke vil gjelde for de kontrollutvalg som ble valgt innen utgangen av oktober 2007. Bakgrunnen for at bestemmelsen ble satt i kraft på et senere tidspunkt, var imidlertid at man ønsket å unngå at kommuner og fylkeskommuner skulle måtte foreta nyvalg av sine kontrollutvalg midt i daværende valgperiode. Det synes således klart at hensikten med utsettelsen var at bestemmelsen skulle ta til å gjelde i forbindelse med konstitueringen av kommunestyre og valg av kommunale nemnder, herunder kontrollutvalg.

Departementet antar på denne bakgrunn at bestemmelsen skal komme til anvendelse ved valg av nytt kontrollutvalg for perioden 2007 – 2011.

Kravet om at minst ett kommunestyremedlem skal være medlem av kontrollutvalget er direkte knyttet til konstitueringen av kontrollutvalget. Dette følger etter departementets vurdering av ordlyden i kommuneloven § 77 nr. 1 fjerde punktum. Spørsmålet oppstår

om dette kravet gjelder også når det er tale om suppleringsvalg i løpet av valgperioden. Departementet antar at det ikke er noe direkte krav i loven om at det skal velges et nytt kommunestyremedlem for å erstatte et som går ut av kontrollutvalget, selv om dette skulle medføre at utvalget blir uten representasjon fra kommunestyret. Det vil også i praksis kunne være svært vanskelig å praktisere en slik regel. Departementet mener likevel at intensjonene bak lovbestemmelsen tilsier at kommunene gjør sitt ytterste for å sikre at kommunestyret er representert i kontrollutvalget i hele valgperioden.

Med hilsen

Anne Nafstad Lyftingsmo
Anne Nafstad Lyftingsmo (e.f.)
ekspedisjonssjef

J.M. Sundeid
Jan Morten Sundeid
seniorrådgiver

Kopi:
Fylkesmennene
KS

I Gloppen kommune vart det 18 .06.2012 valt nytt kontrollutval. I det nye kontrollutvalet er det ikkje medlemer som også sit i kommunestyret. Kapittel 2 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar heimlar val av kontrollutval og utskifting av medlemer:

Kap. 2. Kontrollutvalgets sammensetning. Utskifting av medlemmer

§ 2. *Valg og sammensetning*

Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning på sine vegne. Utvalget skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.

Minst ett av utvalgets medlemmer skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utvalgets leder og nestleder har møte- og talerett i kommunestyret og fylkestinget når utvalgets saker behandles.

§ 3. *Utskifting av medlemmer*

Kommunestyret eller fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer. Ved utskifting av ett eller flere medlemmer av utvalget skal det foretas nyvalg av samtlige medlemmer i utvalget.

Av forskrifta går det fram at minst eitt av meldlemene i kontrollutvalet skal veljast blant medlemene i kommunestyret, men det går ikkje fram av forskrifta at ein kan unnlate dette ved nyval. I brev om vedtaket frå Gloppen kommune 19.06.2012 går det fram at Ordførar i Gloppen kommune har fått opplyst hos Fylkesmannen at det ikkje er krav om at minst eitt av medlemene skal vere med i kommunestyret ved nyval i perioden. Kommunerevisjonen i Nordfjord har i epost 02.07.2012 peika på at det ikkje er medlemer frå kommunestyret i kontrollutvalet. Då det herskar tvil om at kontrollutvalet i Gloppen er rett valt, har vi vurdert det slik at vi hentar inn ei stadfesting frå Fylkesmannen på at valet av nytt kontrollutval i Gloppen kommune er rett gjort.

Vi ber om Fylkesmannen si vurdering av om kontrollutvalet i Gloppen valt av kommunestyret 18.06.2012 er lovleg valt.

Brev frå Gloppen av 19.06.2012 med opplysning om Nyval av kontrollutval i Gloppen ligg ved.

Med helsing

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat

e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtvt

Fra: Gunnar Ryste [mailto:gunnar.ryste@enivest.net]
Sendt: 2. juli 2012 11:02
Til: Sekom postmottak

Kopi: markvard.sunde@stryn.kommune.no
Emne: VEDR. NYVAL AV KONTROLLUTVAL I GLOPPEN KOMMUNE

Hei,

Kommunestyret i Gloppen kommune har den 18. juni 2012 gjort vedtak i sak om nyval av kontrollutval, jf. sak 047/12.
Då eg ikkje kan sjå at det forskriftsmessige kravet om at minst ein medlem skal vere medlem i kommunestyret (Ku-forskrifta §2, 2. avsnitt) er oppfylt i nemnde ks-sak, sender eg denne saka over til dykk for nærmare vurdering.

Mvh

Gunnar Ryste
KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

SM 21-12

GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	**Møtedato**	**Saksnr**
Formannskapet	11.06.2012	073/12
Kommunestyret	18.06.2012	034/12

Avgjerd av: Kommunestyret **Saksbehandlar:** Morten Varøy	**Objekt:** **Arkiv:** 212	**Arkivsaknr.:** 12/425-10

Rekneskapen for 2011 og disponering av overskotet

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
172923	Rekneskapen for 2011
175954	Revisjonsmelding 2011
175955	Fråsegn frå Kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2011 er no klar til endeleg politisk behandling. Det er lovfesta at rekneskapen skal behandlast av kommunestyret innan utgongen av juni kvart år, etter at det er revidert og behandla av kommunen sitt kontrollutval.

Saksutgreiing:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2011 er gjort opp med eit overskot på kr 5.720.946,11.

Overforbruk på sektorane

Likevel er det slik at fleire hovudområde har store overforbruk på drifta. Årsakene til dette er omtala i rekneskapsdokumentet og vert derfor ikkje gjenteke her. Det er berre oppvekst og kultur som har halde seg innafor si ramme. På sentral styring er overforbruket om lag 4,3 mill, på helse- og omsorg har 0,7 mill, NAV har 1,8 mill medan teknisk, landbruk og eigedom står for 1,8 mill. Totalt gjev dette eit overforbruk på vel 8 mill kr.

Netto forbruk pr hovudområde	Rekneskap 2011	Buds(end) 2011	%-forbruk
1 Sentral styring	26 600 354	22 294 000	119,3
2 Barnehagar og undervisning	94 719 964	95 416 000	99,3
3 Helseteneste og sosiale formål	130 361 453	127 802 000	102,0
4 Teknisk, landbruk og eigedom	24 089 280	22 273 000	108,2
5 Kulturformål	13 708 026	13 810 000	99,3
[illegible]	[illegible]	[illegible]	[illegible]

Avvika er forklart i rekneskapsdokumentet.

Meirinntekt og innsparingar på finansieringsområdet

Dersom kommunen berre fekk inn det budsjetterte på sitt finansieringsområde ville Gloppen kommune hatt vel 8 mill i underskot for 2011. No gjekk det heldigvis ikkje slik – og totalt var

det tale om ca 13,5 mill i ekstra inntekter eller innsparingar på finansieringsområdet når overskotet er trekt ut. Derfor er det rett å seie at desse positive avvika har berga resultatet for Gloppen kommune også i 2011.

Netto forbruk finansområdet	Rekneskap 2011	Buds(end) 2011	%-forbruk
9 Finansieringsområdet	-295 199 076	-281 595 000	104,8

Avvika er forklart i rekneskapsdokumentet.

Kvifor må kommunane ha eit positivt netto driftsresultat?
Kostnader som slitasje og elde på bygningar, inventar, maskinar osb. trekkast ikkje frå når netto driftsresultat reknast ut. Dette gjer at netto driftsresultat blir "for høgt". Kommunane må derfor ha netto driftsresultat større enn null for å ha bærekraftig økonomi. Om vi ser bort frå ekstraordinære kortsiktige svingningar i inntekter og utgifter, så må kommunesektoren ha eit netto driftsresultat på om lag 3 – 3 ½ prosent av inntektene for å være i balanse. Enkelte meiner og at 5 prosent er det rette nivået.

I tillegg til dette er det slik at overføringane til kommunane varierer frå år til år. Dersom inntektsveksten ikkje er tilstrekkeleg for å halde drifta på same nivå som året før, er det ofte trong for å kjøpe seg tid for å planlegge omstillingar som gjev varig innsparingseffekt. For å tillate seg dette må kommunane ha eit visst økonomisk handlerom.

Streik
På grunn av streik er ikkje revisjonsmeldinga klar, og derfor har kontrollutvalet ikkje kunne gje sin uttale til rekneskapen for 2011. Desse dokumenta manglar derfor i skrivande stund. Utan revisjonsmelding vert dette ei vanskeleg sak – og formannskapet kan vurdere om ei utsetjing av saka er aktuell.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:
Overskotet er med på å auke kommunen sitt økonomiske handlerom. Det er viktig med tanke på at kommunen gjennom:

- avsettingar til investeringsfond gjer det muleg å finansiere ein del investeringar utan lånefinansiering
- avsettingar til driftsfond gjer det muleg å møte utilsikta svingningar i driftsøkonomi og gir handlefridom til å tilpasse drift til økonomi når slike svingningar inntreff.

Fondsavsettingar skal nyttast, det er derfor ein sett av midlar og det er derfor det er viktig å sikre dei årlege fondsavsettingane.

Rådmannen si vurdering:
Rådmannen meiner resultatet er godt – sjølv om hovudårsaka til overskotet er positive avvik på finansieringsansvaret. Ser vi på utvala så har dei eit overforbruk på om lag 8 millionar totalt sett. Det er ikkje enkelt å redusere drifta tilsvarande 8 millionar kroner, og etter rådmannen si vurdering kan kommunen ikkje rekne med at finansieringsområdet skal berge resultatet kvart år. Derfor må kommunen framleis ha eit sterkt fokus på økonomistyring. Gloppen kommune sin økonomiplan for 2012 – 2015 syner store økonomiske utfordringar – spesielt seint i planen.

For å illustrere situasjonen vår samanlikna med andre kommunar vel rådmannen å legge fram ein graf som viser arbeidskapitalen. Gloppen kommune har som kjent lenge hatt svært dårleg arbeidskapital (likviditet). Grafen syner ei samanlikning av vår arbeidskapital med landssnittet (utanom Oslo), snitt i Sogn og Fjordane og snittet i gruppe 10 (kommunegruppa vi tilhøyrer).



Gloppen • Kostragruppe 10 ->2009 Kostragruppe 11 Fylkessnitt • Landssnitt

Figur. Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter. *Gloppen kommune har i svært mange år hatt låg arbeidskapital. I 2004 hadde Gloppen kommune negativ arbeidskapital. Dette er snudd, og vi er i ferd med å nå opp til vår eigen kommunegruppe.*

Arbeidskapital er differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Med omgrepet likviditet er meint kommunen sin evne til å betale dei økonomiske forpliktingane sine, og til rett tid. Om grafen ikkje er i fargar presiserer vi at Gloppen si kurve er den som i 2008 startar på rett over 5 %. I talet for 2011 ligg unytta lånemidlar som gjer sitt til å betre arbeidskapitalen – situasjonen for kommunen er derfor ikkje fullt så positiv som grafen kan gi inntrykk av.

Det er opp til kommunestyret å avgjere korleis det årlege overskotet skal disponerast. Når det er sagt er det riktig å understreke at det er viktig å halde fram med å fylle på disposisjonsfondet for å kunne takle framtidige utfordringar. Eit spesielt forhold vil rådmannen likevel framheve. I 2011 har Gloppen kommune motteke kr 370.000 i ekstra rammetilskotet. Desse er merka «Psykososial oppfølgjing etter terrorangrep 22 juli» men er overført kommunane som frie midlar. Desse midlane ønskjer administrasjonen å setje av på eige fond, og disponere slik:

- Støttegruppa 22.juli, Sogn og Fjordane 90 000
- Kvalitetssikringsarbeid og kompetanseheving psykiatritenesta 50 000
- Kompetanseheving i skule barnehage 50 000
- Kompetanseheving helsestasjonen 50 000
- Kompetanseheving psykososialt kriseteamet 30 000
- Tilskot - psykologstillinga 100 000

Midlane er tildelt kommunane for å bidra til at vi gjer kvalitetshevande tiltak i høve målgruppa barn/unge. Rådmannen finn derfor at framlegget frå helse/omsorgssjefen og

oppvekstsjefen er i tråd med intensjonen bak denne tildelinga, og rår til at midlane blir sett av på merkt fond til føremålet.

Saka om tilskot til støttegruppa 22. juli blei lagt fram til behandling i helse/omsorgsutvalet i mai. Dei valde å utsetje saka til møtet 12.06.2012.

Om kommunen hadde gått med underskot kunne vi ikkje setje av desse midlane. Overskotet gjer det muleg å gjere ei anna vurderinga.

Byggjefeltet på Reed/Hetlebakkane blei ikkje tatt inn i økonomiplanen 2012 – 2015, fordi det ikkje var rom til det. Kommunen blei oppmoda om å ta kostnadene med dei arkeologiske utgravingane, desse er kalkulert til 1,8 mill kroner. Eg gjer ikkje framlegg om å setje av midlar frå årsoverskotet 2011 til tiltaket, men vil likevel nemne det. Kommunen er regelmessig kontakta av folk som lurer på når det feltet kjem og som venter på denne mulegheiter til å byggje på Reed. Etterspurnaden kjem først og framst frå folk som tenkjer seg å flytte tilbake og som i dag er busett andre stader i landet/fylket. Dersom kommunestyret ønskjer å bidra til at utbyggjinga av dette feltet kjem i gong, er det muleg å setje av midlar frå overskotet til eit investeringsfond til føremålet arkeologiske utgravingar. Dette vil vere å sjå på som ei investering som skal tilbakebetalast over tid, dvs etterkvart som tomtene blir bygde ut. Arbeidet må gjerast i samarbeid utbyggjar. Samla kostnad for å byggje ut infrastruktur og gjere dei arkeologiske utgravingane er kalkulert til 9,5 mill kroner.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2011.
2. Overskotet for 2011, kr 5.720.946,11 nyttast slik:
   - Kr 5.350.946,11 setjast av til disposisjonsfond.
   - Kr 370.000 setjast av til eit bunde driftsfond merka «Psykososial oppfølging etter terrorangrep 22 juli». Midlane blir disponert i tråd med rådmannen sitt framlegg.

11.06.2012 FORMANNSKAPET

Revisjonsmeldinga datert 6. juni 2012 og kontrollutvalet sitt vedtak i sak 18/12 vart delt ut.

Framlegg frå **Sjur Atle Austrheim (H)**:

> Det vert sett av inntil 1 mill til styrking av IKT-infrastruktur og maskinvare for grunnskulane i kommunen.

Framlegget fekk to røyster og fall.

073/12 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

18.06.2012 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå **Per Jarle Myklebust (Sp)**:

Kommunestyret ynskjer å få framdriftsplan og finansiering av nytt bustadfelt på Reed opp som eiga sak til hausten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

034/12 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling, med framlegget frå Per Jarle Myklebust, vart samrøystes vedteken.

SM-22-12

GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**
Kommunestyret	18.06.2012	032/12

Avgjerd av: Kommunestyret **Saksbehandlar:** Jan Kåre Fure	**Arkiv:** 033 **Objekt:**	**Arkivsaknr.:** 12/1048

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12/6116	U	13.06.2012	Kommunestyret	Møteplan for 2. halvår 2012
2	12/5072	I	04.05.2012	SEKOM-sekretariat	Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Referatsakene ligg ved.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret har ingen merknader til dei refererte skriv og meldingar.

18.06.2012 KOMMUNESTYRET

032/12 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

SM 23-12

Selskapskontroll (eigarskapskontroll)

Firda Billag AS

2011

revisjon

Innhald

1	**Innleiing**		
	1.1	Bakgrunn	s.2
	1.2	Føremål	s.2
	1.3	Framgangsmåte	s.2
2	**Om konsernet**		s.3
	2.1	Selskapsforhold	s.4
	2.2	Avtalemessige forhold	s.4
	2.3	Forpliktingar vis av vi offentlege instansar	s.6
	2.4	Juridiske forhold	s.6
	2.5	Organisasjonen	s.6
	2.6	Miljø	s.6
	2.7	Framtidsutsikter	s.6
	2.8	Konsernets økonomiske utsikter	s.7
3	**Styret**		s.8
4	**Revisor**		s.9
5	**Generalforsamlinga**		s.9
6	**Eigarstyring**		s.10
7	**Høyring**		s.11
8	**Konklusjon**		s.11

Vedlegg:

1. Kart over konsernet
2. Kart over morselskapet Firda Billag AS
3. Høyringsuttale frå Firda Billag AS
4. Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har i vedtak den 21.06.11 gått inn for å gjennomføre selskapskontroll i Firda Billag AS. I bestillingsdokumentet er det opplyst at føremålet er å oppfylle gjeldande lovkrav til gjennomføring av selskapskontroll.

Firda Billag AS tok i 2010 over landtransportdelen til Fjord1. I tillegg vart selskapet i 2010 omgjort frå eit interkommunalt selskap (IKS) til eit aksjeselskap (AS). Selskapet driv også i 2011 med å gjennomføre større organisatoriske endringar i selskapet. Desse elementa var tilleggsmoment for at kontrollutvalet har sett det som interessant å få gjennomført ein selskapskontroll i form av **eigarskapskontroll** av selskapet.

1.2 Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere korleis fylkeskommunen forvaltar sine eigarinteresser i selskapet; med det om dei gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar [1]. For Firda Billag AS sin del vert fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ivareteke via fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ein vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktivitetane i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll var m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Framgangsmåte

Rapporten byggjer på informasjon frå selskapet sin eigar (fylkeskommunen), styret og administrasjonen, samt opne kjelder som t.d. Foretaksregisteret, Proff.no med fleire.

Kontrollen har ei brei tilnærming. Vi vil på bakgrunn av det ikkje gjennomføre nokon grundige undersøkingar av moglege funn.
Funna vert vurdert opp mot:

- Aksjelova
- Offentleglova
- Lov om offentlige anskaffelser
- Selskapets vedtekter
- Tilrådingar frå KS'Eierforum

[1] Jf. § 14 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

- Fylkeskommunen si Eigarmelding for 2010 og til dels 2011.

Hovudfokus i rapporten vil vere negative funn. Det betyr at det som i utgangspunktet er i orden vil ikkje verte gjenstand for nærare omtale.

2 Om konsernet

Firda Billag AS vart stifta 18.06.2010 ved omgjering frå eit interkommunalt selskap til eit aksjeselskap.

Firda Billag AS er eit konsern. Konsernet bestod ved utgangen av 2010 av :

Firda Billag AS	
Transferd AS	-eigd 100 % av Firda Billag AS
SRB Anleggstransport AS	-eigd 51 % av Transferd AS

Konsernet har gjort ein del nye organisatoriske endringar i 2011, m.a. er selskapet Firda Billag Buss AS fisjonert ut av morselskapet og morselskapet har oppretta eit nytt dotterselskap; Fjordane Reisebyrå AS. Det nye organisasjonskartet til konsernet er lagt ved som vedlegg nr 1.

Selskapet driv innafor persontransport (buss), godstransport på veg, bilutleige (AVIS), reisebyrå, verkstad for tunge kjøretøy og eigedomsforvaltning.

Firda Billag AS har sitt hovudkontor i Førde kommune og avdelingar i Florø, Dale, Sandane og Sogndal. Etter kjøpet av Transferd AS frå Fjordl har selskapet i tillegg fått avdelingar i Kaupanger, Otta, Stryn og Ålesund.

Ved utgangen av 2010 hadde selskapet 348 tilsette.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 10.000.000,- og er fordelt på 10.000 aksjar kvar pålydande kr 1.000,-. Aksjane fordeler seg slik mellom eigarane i selskapet:

Eigarar/aksjonærar	Forretningskontor	Tal	Pålydande	Eigar-/ stemmeandel
Askvoll kommune	Askvoll	569	1 000	5,69 %
Balestrand kommune	Balestrand	443	1 000	4,43 %
Bremanger kommune	Svelgen	717	1 000	7,17 %
Fjaler kommune	Dale	600	1 000	6,00 %
Flora kommune	Florø	1 447	1 000	14,47 %
Førde kommune	Førde	1 236	1 000	12,36 %
Gaular kommune	Sande	609	1 000	6,09 %
Gloppen kommune	Sandane	1 017	1 000	10,17 %
Hyllestad kommune	Hyllestad	458	1 000	4,58 %
Høyanger kommune	Høyanger	782	1 000	7,82 %
Jølster kommune	Skei	517	1 000	5,17 %
Naustdal kommune	Naustdal	454	1 000	4,54 %
Stryn kommune	Stryn	651	1 000	6,51 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Leikanger	500 1 000	5,00 %
SUM		10 000	100 %

2.1 Selskapsforhold

Det interkommunale selskapet var i si tid etablert gjennom eit spleiselag for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege lutalaget.

Fylkeskommunen opplyser at selskapet vart endra til eit AS grunna nye rammevilkår. Det var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapets konkurransekraft.

Saka vedr. omdanninga vart handsama i fylkestinget 07.04.2010 under sak 0009/10. Med vising til saksframstillinga i saka står det :

> " *Om bakgrunnen for omdanninga skreiv administrerande direktør Peter Midthun: Rutebilnæringa er i sterk endring. I dag er ca 40 % av den samla bussproduksjonen i landet lagt ut på anbud. I løpet av få år vil dei resterande 60 % verte lagt ut. Dette betyr at Firda Billag ikkje lenger vil verte beskytta av sin områdekonsesjon. I avtalen selskapet i dag har med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det opna for at anbod kan takast i bruk innan vårt konsesjonsområde frå år 2014. Det betyr at heile eller deler av den produksjonen selskapet i dag utfører kan verte overtatt av andre. Dette aukar risikoen ved drifta betydeleg. Når anbod er tatt i bruk i konsesjonsområdet vil Firda Billag vere eit heilkommersielt selskap. Ein ser det som lite hensiktsmessig både for eigarane og for selskapet å fortsette med IKS-modellen under slike rammevilkår.* "

Det er ikkje utarbeida ein eigen aksjonæravtale mellom eigarane. Vedtektene regulerer det som er nødvendig.

Omsetnad av aksjar er regulert gjennom selskapet sine vedtekter.

Vurdering og tilråding:
Konsernet har ikkje utarbeidd oversikter over moglege nærståande relasjonar mellom sentrale personar i selskapa i konsernet. Ved førespurnad til adm.dir. så kjenner ikkje han til slike relasjonar i konsernet. Vi meiner det er viktig at selskapet syner merksemd til problematikken for å unngå at det oppstår uheldige dobbeltroller mellom t.d. styremedlem/tilsette og kundar/leverandørar.

Med vising til pkt 7.4.1 i del I i Eigarmeldinga til fylkeskommunen om Styret sitt ansvar og Tilrådingar frå KS`Eierforum Nr. 12 vil vi tilrå at konsernet utarbeider ein Rolleoversikt over styra, direktørane og andre sentrale personar i konsernet.

2.2 Avtalemessige forhold

Selskapet følgjer ikkje Lov om offentlege anskaffelser. Dette vert grunngjeve med at konsernet i all hovudsak driv forretningsdrift i konkurranse med andre. Per i dag er det berre dotterselskapet Firda Billag Buss AS som driv til dels utanfor konkurranse gjennom at ein del

av bussdrifta, som går på rute- og skulebussproduksjon, er beskytta via konsesjon. I løpet av nokre år vil også den delen verte konkurranseutsett. Adm. dir. ser det som vanskeleg og unaturleg å skilje bussdrifta i ein del som er konkurranseutsett og ein del som er konsesjonsbeskytta. Alle større innkjøp vert regulert av anbod og dei følgjer prinsippa for god forretningsskikk i alle prosesser. Leiinga i konsernet har gjort ei skriftleg vurdering av konsernet sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser, og har konkludert med at konsernet ikkje kan operere i ein konkurranseutsett marknad, samstundes som Lov om offentlege anskaffelser gjeld for konsernet.

Vurdering og tilråding:
Lov om offentlege anskaffelser er eit komplisert og omfattande lovverk. Dotterselskapet Firda Billag Buss AS kan, uansett om heile drifta vert konkurranseutsett, likevel høyre inn under Lov om offentlege anskaffelser med vising til Forsyningsforskriften. Lov om offentlege anskaffelser kan også gjelde for privat eigde selskap dersom tenesta går ut på: (sjå §1-3, c i Forsyningsforskriften om kva for aktiviteter som er omfatta)

> " *drive rutenett beregnet på ytelse av offentlige tjenester i forbindelse med transport med jernbane, automatiserte systemer, sporvei, trolleybuss, buss eller kabel. Når det gjelder transporttjenester, skal et nett antas å foreligge dersom driftsvilkårene for tjenesten er fastlagt av vedkommende myndighet i en EØS-stat. Driftsvilkår kan for eksempel være hvilke ruter som skal betjenes, hvor stor kapasiteten skal være og hvor ofte rutene skal betjenes.*

Vi vil tilrå at konsernet får utfort ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlige anskaffelser.

Konsernet har ikkje økonomiske forpliktingar utover pant i lån og festekontraktar på deler av eigedommane. Alle låneavtalar vert handsama og godkjent av styret, vanlegvis gjennom årlege budsjett og finansieringsplanar. Konsernet har ikkje forpliktingar når det gjeld erstatningar eller mangelkrav overfor tredje part. Alle naudsynte skadeforsikringar i konsernet er i orden og alle bygningar og nyare bussar er fullt ut forsikra.

Vurdering og tilråding:
I følgje styret og adm. dir. har konsernet ikkje teikna styreansvarsforsikring. Ifølgje Tilrådingar frå KS'Eierforum Nr. 16 vert det tilrådd at selskapa teiknar særskilt styreforsikring for alle styremedlem i selskap med begrensa ansvar. Forsikringa vil eventuelt gjelde det økonomiske ansvaret og ikkje det strafferettslige.

Vi vil på bakgrunn av det tilrå at konsernet teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet.

Konsernet nyttar eksterne rådgivarar innan IT, ein del tekniske områder og på verkstaden. I samband med dei store organisatoriske endringar som konsernet er og har vore i, har det gått ein del ekstra midlar til juridisk bistand og rådgivingstenester frå konsernets valte revisor. I 2011 reknar adm. dir. at konsernet totalt vil ende opp i ein plass mellom 2 og 3 mill. brukt til ekstern rådgiving.

2.3 Forpliktingar vis av vis offentlege instansar

I følgje adm.dir. har ikkje konsernet uoppgjorte skatte- eller meirverdiavgiftskrav og naudsynte transportløyve og busskonsesjonar er i orden. Konsernet har besøk av arbeidstilsynet 4 til 5 gonger i året og branntilsynet med jamne mellomrom. Utover mindre merknadar frå arbeidstilsynet kjenner ikkje adm. dir. til andre forpliktingar vis a vis offentlege instansar.

2.4 Juridiske forhold

Styret seier at det ikkje er kjent med irregulære eller straffbare forhold relatert til konsernet. Konsernet har i følgje adm.dir. ikkje tvistar for domstolane, konfliktar med samarbeidspartnarar eller tilsette.

Vurdering og tilråding:
Styret og adm.dir. meiner at konsernet ikkje høyrer inn under Offentleglova. Viser og til adm.dir. sine skriftlege vurderingar av tilhøva.

Med vising til at konsernet er 100% offentleg eigd vil vi tilrå at konsernet gjer ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine reglar likevel gjeld for heile eller deler av konsernet.

2.5 Organisasjonen

Organisasjonskart for morselskapet i konsernet er lagt ved som vedlegg nr 2.

Konsernet har ikkje formelle bonusordningar for dei tilsette. Det er ikkje uavklarte tilsettingstilhøve i konsernet, men utarbeiding av nye arbeidsavtaler for dei tilsette jf. omorganiseringa er per i dag ikkje avslutta. Nedbemanning i samband med omorganiseringa har skjedd ved naturleg avgang.

Sjukefråværet varierer, men har gått ned det siste året. Det er for 2. kvartal 2011 på litt over 5 %, dvs at det er under gjennomsnittet for bransjen. Konsernet har eige HMT- system med eigen tilsett som har hovudansvaret for oppfølging av systemet. I følgje adm. dir. fungerer HMT-systemet tilfredsstillande. Det vert gjennomført AMU-møte annakvar månad der alle avviksrapportar vert følgt opp. For 2011 er det registrert 14 mindre ulykker. Det er ikkje tale om ulykker som har ført til lengre sjukefråvær.

2.6 Miljø

Konsernet driv ikkje forureinande verksemd utover det som høyrer til bransjen. Adm.dir. peiker på at bussbransjen er ein av dei mest miljøvennlege måtar å drive persontransport på. Konsernet har kontroll over alle eventuelle utslepp frå verkstaden jf. HMT systemet.

2.7 Framtidsutsikter

Adm. dir. ser på bussdrifta som ein av konsernets største utfordringar. Firda Billag var for 20 år sida eit av dei største busselskapa i landet. I dag er det er eit av dei minste. Med full konkurranseutsetting i løpet av nokre få år, der mange forventar at det berre vil vere 4-5 store einingar igjen som driv bussverksemd i heile landet, går Firda Billag AS og bussdrifta ein usikker framtid i møte. Leiinga ser likevel på bussdrifta som ei av kjerneoppgåvene i

konsernet, og satsar fortsatt på å vere med i konkurranse med andre. Konsernet førebur seg på framtidig konkurranse ved m.a. å bygge opp kompetansen i konsernet omkring anbod og anbodsrutinar. Eit anna satsingsområde innan bussdrift som leiinga i konsernet ser på kan vere å få til avtalar med gode samarbeidspartnarar.

Konsernets produkter kan inndelast slik etter storleik:

1) Godstransport (størst)
2) Bussdrift
3) Reiselivsverksemd
4) Verkstaddrift
5) Drift av fast eigedom

Konsernet vil ha ei framtid også utan bussdrifta. Godstransport er størst og er konsernets store satsingsområde. Reise og eigedom er mindre deler av konsernet, men er likevel viktige og trygge inntektskjelder som har synt gode resultat.

Konsernet arbeider for tida med viktige endringar og omorganisering av verkstaden som dei forventar vil gi resultat gjennom effektivisering og med det betre resultat.

Økonomiske forhold som kan forverre konsernets drift i framtida, er renteauke og dieselprisar. Prisauken på diesel dei siste åra har m.a. ført til at konsernet har tapt og tapar i samband med konsesjonsavtalene som konsernet har med fylkeskommunen.

2.8 Konsernets økonomiske utsikter

Rekneskapen for 2010 syner eit resultat/overskot på kr 370 000,-. Opptent eigenkapital er per 31.12.2010 på kr 102 429 000,-.

RESULTATREKNESKAP	2010
Konsernrekneskap	Ja
Sum driftsinntekter	346 057 000
Driftsresultat	2 798 000
Resultat før skatt	421 000
Årsresultat	371 000

BALANSEREKNESKAP	
Sum anleggsmidlar	303 891 000
Sum omløpsmidlar	92 189 000
Sum eigenkapital	102 429 000
Sum minoritetsinteresser	2 721 000
Sum gjeld	290 930 000

REKNESKAPSANALYSE 2010:

Om inntening:	
Totalrentabilitet	0,85 %
Om soliditet:	
Eigenkapitalandel	25,86 %

Om likviditet:

Likviditetsgrad 1	1,08
Likviditetsgrad 2	1,03

3 Styret

Styret forholder seg, i tillegg til aksjeloven og selskapsvedtektene, til styreinstruks vedteke av styret i møte 13.04.2011 samt styret sin årsplan vedteke 13.01.2011. Instruksen omhandlar møte; -hyppigheit, -struktur, -protokoll, -informasjon, samt styremedlemmene sine rettigheiter og plikter. Av saker som er spesifisert/(nemnd) i styreinstruksen er:

- styret sin møteplan for komande år
- årsrekneskap og årsmelding
- planar og budsjett for selskapet
- saker som gjeld investeringar av betydeleg omfang i høve selskapet sine ressursar
- vedtak som går på rasjonalisering eller omlegging av drifta som vil medføre større endringer eller omdisponeringer av arbeidsstokken

I styret sin møteplan for 2011 kjem det fram at selskapets strategiar og vegen fram er fast sak på møta. Styret har informert at dei gjennomfører risikovurderingar av drift, økonomi og misligheter løpande gjennom året.

Det er ikkje utarbeidd eigen instruks for adm.dir., men stillinga vert regulert som ein del av styreinstruksen. Adm.dir. vert tilsett av og eventuelt sagt opp av styret, og står for den daglege leiinga av konsernet. Adm.dir skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Styret hadde ved utgangen av 2010 slik styresamansetning:

Leiar: Agnar Strømsnes
Medlemmar: Monica Oppedal, Rita Lilletvedt, Olve Grotle og Steinar Talle
Tilsette sine representantar: Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal

Vedtektenes § 10 regulerer valnemnda. Det skal vere ei valnemnd med 5 medlemmar. Valnemnda skal leggje fram forslag om samansetning av styret med unntak av styremedlem som skal veljast av og blant dei tilsette. Dei 3 største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst 2 av medlemmene i valnemnda. Dette er i tråd med KS-anbefaling om kommunal eierskap nr.10.

Årsrapport og årsmelding vert sendt ut til selskapets aksjonærar. Det gjennomførast formelt eigarmøte gjennom møte i generalforsamling ein gong i året. I tillegg kan eigarane gjennomføre andre eigarmøter for å drøfte ei sak utan at det vert gjort formelt vedtak i saka. Styret eller adm.dir. kjenner ikkje til at det er gjennomført slike eigarmøter i samband med Firda Billag AS.

Vurdering og tilråding:
Av selskapsvedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmane er til stades. Styret fattar sine vedtak ved vanleg fleirtal. I styreinstruksen står det at styret kan gjere vedtak når meir enn halvparten av medlemmane er til stades i møtet, eller deltek i styrehandsaminga. I tillegg står det i styreinstruksen at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Vidare at dei som har stemt for eit forslag som inneber ei vesentleg

endring i selskapet, må alltid utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar. *Tilleggspresisering jf. høyringsuttale frå Firda Billag AS: Vi forstår styreinstruksen slik at styret her meiner tilhøve der ikkje alle styremedlemma er med på møtet. I slike høve kan eit fleirtal på møtet utgjere mindre enn ein tredjedel av samtlege styremedlemma.*

Styreinstruksen stemmer ikkje overeins med selskapsvedtektene. Det kan bidra til uklare retningslinjer ved styrehandsaming. Vi vil tilrå at styret gjer vurderingar av vedtektene og styreinstruksen i forhold til avstemming og stemmefleirtal i styresaker.

4 Revisor

Firda Billag AS sin revisor er revisjonsselskapet Deloitte AS med kontor i Førde. Revisor har svart på skriftleg førespurnad frå SF revisjon IKS. Informasjonen frå revisor har ikkje gjeve grunnlag for nærare oppfølging i samband med gjennomføringa av eigarskapskontrollen.

5 Generalforsamling

Det ordinære møtet i generalforsamlinga skal etter vedtektene haldast innan 6 månadar etter utløpet av rekneskapsåret. Det vert innkalla til generalforsamling med 2 vekers varsel.

Vurdering og tilråding:
I følgje selskapsvedtektene § 9 skal generalforsamlinga fastsetja resultatregnskap og balanse , herunder medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. I følgje aksjelova § 5-5 skal den ordinære generalforsamlinga handsame følgjande sakar sitat:
"*godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder utdeling av utbytte*".
Godkjenning av styret si årsmelding står ikkje nemnd i selskapsvedtektene § 9.

Selskapsvedtektene stemmer ikkje overeins med aksjelova. Vi vil foreslå at generalforsamlinga gjer vurderingar av selskapsvedtektene på nemnde punkt opp mot aksjelova.

Andre saker som vert handsama i det ordinære møtet i generalforsamlinga, er fastsetting av eventuelt konsernresultat og konsernbalanse, handsaming av valkomiteen sine innstillingar på dei val som skal gjennomførast i tillegg til val av valkomite. Det er fylkesordførar Nils R. Sandal som er valt til å møte for fylkeskommunen i generalforsamlinga. På møtet i generalforsamlinga 20.05.2011 møtte Inge Horstad med fullmakt som representant for fylkeskommunen.

Kommunikasjon og eigaroppfølging utanom møta i generalforsamlinga skjer i følgje fylkeskommunen gjennom uformell kontakt.

6 Eigarstyring

Ved førespurnad om det er utarbeida eigarstrategi for Firda Billag AS viser fylkeskommunen til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen har fom 2008, fast ein gong i året, ei Eigarmelding oppe til handsaming i fylkestinget.

Fylkeskommunen si eigarmelding har 2 hovuddeler. Del I omhandlar fylkeskommunen sin eigarpolitikk og del II omhandlar dei einskilde selskapa som fylkeskommunen eig eller er medeigar i eller har tilknyting til på anna måte (t.d. stiftingar). Kap. 4 i del I seier noko om kva forventningar fylkeskommunen har til etikk og samfunnsansvar til selskap der fylkeskommune er eigar eller deleigar. Kap. 7 punkt 4 i del I seier noko om kriterium for utpeiking av styremedlem i selskapa.

Fylkeskommunen si Eigarmelding er i tråd med KS'anbefalingene om kommunalt eierskap, nr 2.

Ved spørsmål til fylkeskommunen om målformuleringar og viktig verdidokument viser dei til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen syner og til Eigarmeldinga ved spørsmål om eventuelle strategiar, retningslinjer eller instruksar som fylkeskommunen har utarbeida for styret og administrasjonen i Firda Billag AS.

På førespurnad til styret i Firda Billag AS om deira forhold til fylkeskommunen si Eigarmelding, så kjenner dei ikkje til den. Adm. dir. kjenner til fylkeskommunen si Eigarmeldinga.

Ved førespurnad til styret i Firda Billag AS om eigarane har utabeida strategiar og retningslinjer for styret og administrasjonen i selskapet så kjenner styret ikkje til det.

Adm.dir. reiser med jamne mellomrom på besøk til sine aksjonærar for dialog om konsernets framtidsutsikter på eit overordna nivå. Hans inntrykk frå møta er at det er stor semje mellom eigarane omkring dei store strategiske grepa som er gjennomført i 2010 og 2011.

Tilråding:
Med vising til KS'anbefalinger om kommunalt eierskap Nr. 3 vil vi tilrå at det på eit overordna nivå vert utarbeida rutinar på form, innhald og kommunikasjon i samband med fylkeskommunen sine strategiske forventningar og krav til Firda Billag utover det som kjem fram av det ordinære møtet i generalforsamlinga. Dette bør utarbeidast i samråd med dei andre eigarane av Firda Billag AS.

I samsvar med rutinane i Eigarmeldinga rapporterer fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga til fylkesutvalet.

Konsernet har byrja sitt arbeid med utarbeiding av konsernets etiske retningslinjer. I fylkeskommunen si Eigarmelding, del I, kap. 4 står det noko om fylkeskommunen sine forventingar til selskapa dei eig eller er medeiger i knytt til etiske retningslinjer. Vi vil tilrå at Firda Billag AS i sitt vidare arbeid med konsernets etiske retningslinjer vurderer dei forventningar og krav som kjem fram av fylkeskommunen si Eigarmelding.

Vurdering og tilråding:
Fylkeskommunen kjenner ikkje til at det er utarbeida andre kriterier for samansetning av styret enn det som kjem fram av selskapets vedtekter. Selskapsvedtektene seier ikkje noko om kriterier for valsamansetning av styret. Det vert ikkje gjennomført nokon form for evaluering av styret utover styret sin eigen evaluering av sitt arbeid.

Vi vil tilrå at det vert utarbeida rutinar for kriterie og kompetansevurdering av styresamansetning i samsvar med KS'Anbefalinger om kommunalt eierskap, Nr 11. Dette ansvaret ligg hos eigarane.

7 Høyring

Utkast til rapport vart oversendt til styret og adm.dir. ved Firda Billag AS og til Sogn og Fjordane fylkeskommune den 17.10.2011 til uttale.

Høyringsuttalen frå Firda Billag AS er lagt ved som vedlegg nr 3 og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er lagt ved som vedlegg nr. 4.

I uttalen frå Firda Billag AS er det synt til ein fakta feil jf. pkt. 2.7 i rapporten om inndeling av storleiken på konesernet sine tenester/produkt. I den endelege rapporten er dette retta på slik at inndelinga no skal vere korrekt.

Vi har i tillegg på bakgrunn av Firda Billag AS sine kommentarar til pkt. 3 i rapporten om styret og stemmefleirtal lagt til ein liten presisering i pkt. 3 i rapporten

8 Konklusjon

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll vil vi tilrå at Firda Billag AS:

- ***utarbeidar ein rolleoversikt over sentrale personar i konsernet jf. pkt. 2.1 i rapporten***
- ***får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser jf. pkt. 2.2***
- ***teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet jf. pkt. 2.2.***
- ***får utført ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine regler gjeld for heile eller deler av konsernet jf. pkt. 2.4***
- ***gjer ei vurdering av selskapsvedtektene og styreinstruksen vedr. stemmefleirtal jf. pkt. 3***
- ***gjer ei vurdering av innhaldet i selskapsvedtektene i forhold til dei formelle krava i aksjeloven jf. pkt. 4***

Vi vil i tillegg tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med dei andre eigarane:

- ***utarbeider rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til konsernet jf. pkt. 6***

- *utarbeider rutinar for kriterie- og kompetansesamansetning av styret samt rutinar for evaluering av styret med jamne mellomrom jf. pkt. 6*

Ny organisering konsern



VEDLEGG NR. 1

FIRDA BILLAG

Ditt sikraste val

Firda Billag AS Organisasjonsplan



VEDLEGG NR. 2

VEDLEGG NR. 3

Marianne Vara

Fra:	Peter Midthun <peter@firda-billag.no>
Sendt:	31. oktober 2011 13:02
Til:	Marianne Vara
Kopi:	Agnar.Stromsnes@incgruppen.no
Emne:	Selskapskontroll Firda Billag AS
Vedlegg:	SF revisjon tilbakemelding frå Bøyum 17.10.11.pdf

SF-revisjon
v/ Marianne Vara

Det vert vist til rapport mottatt frå deg. Rapporten vart gjennomgått i Firda Billag AS sitt styre i møte den 18.10. Underteikna vart bedt om å gi tilbakemelding.
Vi kan gi fig tilbakemelding:

- Rolleoversikt – rapportens pkt 2.1. Dette skal vi få utarbeidd.
- Juridisk vurdering vedr lov om off anskaffelser. Vi skal få vurdert dette. Vi er imidlertid kjent med at busselskap der Fylkeskommunen
  har betydelig større eigarandel enn hos oss ikkje fylgjer denne. Dette fylgjer av vår konkurranseutsetting.
- Styreansvarsforsikring. Slik vi ser det er dette noko styret sjølv må ta stilling til.
- Offentlegheitslova. Same svar som pkt 2 over.
- Selskapsvedtekter kontra styreinstruks. Viser til vedlagt uttale frå Bøyum. Styreinstruksen vil verte endra på eit punkt.
- Selskapsvedtekter kontra aksjelova. Vi viser til vedlegg frå adv Gunnar Bøyum der dette er vurdert.

Vi har elles kommentar til pkt 2.7. der du har delt inn område etter storleik. Verkstaddrifta vår er større enn eigedomsdrifta.

Mvh

Firda Billag AS

Peter Midthun

Peter Midthun

Fra:	gunnar.boyum@no.pwc.com
Sendt:	17. oktober 2011 19:23
Til:	Peter Midthun
Emne:	Re: VS: Utkast til rapport til høyring
Vedlegg:	Følgjebrev utkast til rapport til høyring.pdf; Utkast til rapport.pdf

Hei,

Eg viser til mottatt utkast til rapport frå SF revisjon sin selskapskontroll hos Firda Billag AS, og ditt spørsmål om eg har kommentarar til forholdet om vedttektene er i samsvar med aksjelova.

I vedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført "når meir enn halvparten av medlemmane er til stades". Etter aksjelova § 6-24 følgjer det at styret kan treffe beslutning "når mer enn halvdelen av medlemmene er til stede eller deltar i styrebehandlingen". Eg har ikkje sett styreinstruksen, men eg forstår det slik at den har samme ordlyd som aksjelova. Etter min vurdering har aksjelova/styreinstruksen og vedtektene samme reelle innhald sjølv om formuleringa er litt ulik.

I vedtektene § 7 står det vidare at styret fattar sine vedtak med vanleg fleirtal. Det er opplyst at det i styreinnstruksen i tillegg står at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Etter min oppfatning er det ikkje noko motsetning i dette. Også etter aksjelova § 6-25 følgjer det at ein beslutning av styret krever at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, stemmer for. Dette er utgangspunktet og det er det som også er nedfelt i vedtektene. Ved stemmelikheit følgjer det vidare i aksjelova § 6-25 at møteleiaren har dobbeltstemme. Dette vil også gjelde ved stemmelikheit i beslutningar hos styret i Firda Billag AS. Dette som følgje av ei naturleg forståing av samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf også vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Såleis er det etter min oppfatning ingen motsetning mellom vedtekter, styreinstruks og aksjelov når det gjelder at det generelt sett er vanleg fleirtalskrav for beslutningar fatta av styret i Firda Billag AS, men at styreleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit.

I vedtektene § 9, 2. ledd, bokstav a, går fram at generalforsamlinga skal fastsette resultatrekneskap og balanse, her medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. Av aksjelova § 5-5 går det fram at generalforsamlinga skal godkjenne årsrekneskapet og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte. Eg er samd i at det i vedtektene godt kunne stått at generalforsamlinga også skal godkjenne årsmeldinga (i tillegg til godkjenning av årsrekneskapen). Dette har imidlertid ingen praktisk betydning, i og med at generalforsamlinga i h t aksjelova uansett må godkjenne årsmeldinga. Det er såleis heller ikkje motstrid mellom vedtektene og aksjelova i denne samanheng da aksjelova gir anvisning på noko ut over det som ekplisitt følgjer av vedtektene. Igjen vises til samspelet mellom vetektene og aksjelova, jf vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Eg viser også til at aksjelova gjelder på generelt grunnlag. Berre dersom vedtektene positivt gir uttrykk for noko anna vil aksjelova sine reglar kunne fråvikast, dog med den avgrensing at i mange tilfeller kan vedtektene ikkje ha mindre strenge reglar enn aksjelova. Slik sett er det på det reine at generalforsamlinga i Firda Billag AS uansett må godkjenne årsmeldinga i selskapet, sjølv om dette ikkje konkret går fram av vedtektene. (For ordens skuld: Det er heller ikkje noko i vedtektene som gir uttrykk for at generalforsamlinga ikkje skal godkjenne årsmeldinga.)

Ta gjerne kontakt som det er spørsmål om noko.

Med venleg helsing/Kind regards,
Advokatfirmaet PwC

Gunnar Bøyum
PwC | Partner | Nasjonal Partner
Phone: +47 95 26 13 13 | Switchboard: 02316 (+47 95260000)
Email: gunnar.boyum@no.pwc.com
Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS, company no. 988 371 084 MVA
Visiting address: Naustdalsveien 1 B, 6800 Førde | Postal address: Postboks 375, N-6802 Førde

Partner in charge/Lawyer in charge: Gunnar Bøyum

Med mindre annet skriftlig er avtalt, er alle våre tjenester omfattet av våre alminnelige avtalevilkår.
Unless otherwise agreed in writing, all our services are based upon our Terms of Agreement.

The information transmitted is intended only for the person or entity to which it is addressed and may contain confidential and/or privileged material. Any review, retransmission, dissemination or other use of, or taking of any action in reliance upon, this information by persons or entities other than the intended recipient is prohibited. If you received this in error, please contact the sender and delete the material from any computer.

VEDLEGG NR. 4

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Kjersti Døssland
E-post: kjersti.dossland@sfj.no
Tlf: 57 65 61 55

Vår ref.
Sak nr.: 11/3916-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
31308/11

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 31.10.2011

Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Att: Marianne Vara

Selskapskontroll 2011 – høyringsuttale frå fylkeskommunen

Vi viser til dykkar brev dagsett 17. oktober, inkludert utkast til rapport frå gjennomført selskapskontroll i Firda Billag AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at eigarrolla, inkludert strategiske forventningar til selskapa og rutinar for styresamansetning, er ivaretatt gjennom dei rutinane som er etablert i eigarmeldinga.

Eigarrolla, og arbeidet med eigarmeldinga, er likevel under stadig utvikling, og fylkeskommunen vil ta med seg innspela vidare i denne prosessen.

Med helsing

Jan Øhlckers
fylkesrådmann

Kjersti Døssland
juridisk rådgjevar

SM 24-12 96

Tveit Asgeir

Fra:	Tveit Asgeir
Sendt:	23. februar 2012 12:33
Til:	'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Kopi:	'Jan Kåre Fure (jan.kare.fure@gloppen.kommune.no)'; Bjerkeset Karoline (kab@sp.no); Bø Bjarne (bjarne.bo@enivest.net); Hovstad Svein Helge (svein.hovstad@online.no); Hysing Jenny (jenny.hysing@statped.no); Jacobsen Tone Lise (tonelise71@hotmail.com); Moen Irene (irene@gloppenhotell.no); Os Hans (hans.os@enivest.net); Strand Geir Liavåg (strandgk@online.no)
Emne:	VS: Kontrollutvalsak 011/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
Vedlegg:	Rapport Gloppen.pdf; 011_11 - Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.pdf; KS-eigarforum - 19 tilrådingar.pdf

I kontrollutvalsmøte 22.02.2012 under sak 006/12 Oppfølgingsliste 1-2012 konstaterte kontrollutvalet at rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, som vart handsama i kontrollutvalet 1. juni 2011 og sendt Gloppen kommune same dag for handsaming i kommunestyret, enno ikkje er lagt fram for kommunestyret. Kontrollutvalet ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret ved første høve. Oversendinga frå 1. juni 2011 følgjer på nytt.

Med helsing

Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 1. juni 2011 15:04
Til: 'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Emne: Kontrollutvalsak 011/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Vedlagt følgjer kontrollutvalsak 011/11 Rapport eigarskapskontroll alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.

Vi ber om at saka vert sendt kommunestyret til handsaming.

Med helsing

Asgeir Tveit
SEKOM-sekretariat
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Faks: 57 72 20 10

022/12 ORIENTERING LEIARUTVIKLINGSPROGRAM

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 24.05.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	04.06.2012	022/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gloppen kommune om «orientering leiarutviklingsprogram», datert 23.02.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):
- Kontrollutvalsak 09/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringa om leiarutviklingsprogram til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING LEIARUTVIKLINGSPROGRAM

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering ved rådmannen om leiarutviklingsprogram..

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 09/12 "Orientering leiarutvikingsprogram" i kontrollutvalsmøte 23.02.2012 vedtok kontrollutvalet at dei ynskjer orientering frå rådmann om leiarutviklingsprogrammet som vart sett i verk for ei tid tilbake.

23.02.2012 er det sendt brev til Gloppen kommune der vi ber administrasjonen førebu ei orientering om leiarutviklingsprogrammet til møtet i kontrollutvalet i Gloppen 18.04.2012. Møtet har seinare vorte flytta til den 03.05.2012. I brevet av 23.02.2012 går det fram at sentrale moment i orienteringa bør bl.a. vere innhald, målgruppe, status i framdrifta, effekt og eventuelt anna rådmannen finn at kontrollutvalet kan ha interesse av.

Rådmannen er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommune
Gandavegen 9
6823 SANDDANE

Førde, 23.02.12

Dykkar ref.: Vår ref.: Jnr.: 98 Arkiv: Gloppen

ORIENTERING LEIARUTVIKLINGSPROGRAM

Kontrollutvalet i Gloppen heldt møte 22.02.12. Under møtet, sak 09/12 «Orientering leiarutviklingsprogram Gloppen kommune» vedtok kontrollutvalet at det ynskjer orientering frå rådmannen om leiarutviklingsprogrammet som vart sett i verk for ei tid tilbake.

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering om leiarutviklingsprogrammet vedrørande innhald, målgruppe, status i framdrifta, effekt og evt. anna rådmannen finn at kontrollutvalet kan ha interesse av..

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet. Rådmannen vil få møte i starten av møtet.

Neste møte i kontrollutvalet i Gloppen er sett til 18. april 2012.

For kontrollutvalet

Asgeir Tveit

Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

		Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Org nr.	**Bankgiro**					
Postboks 338	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571
6802 FØRDE			976 15 363 At			
			57 82 02 00 VØ			
			951 39 762 VØ			

023/12 PLAN FORVALTINGSREVISJON - GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	23.08.2012	023/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg
- E-post frå Sekom til Gloppen kommune og kommunereivjsonen i Nordfjord om oversordna analyse sak på kontrollutvalsmøte 4.6.12, datert 24.05.12.
- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2015 – Gloppen kommune, datert juni 2012.
- Oversikt over tilsyn, kontrollar og kommunebesøk i 2012 frå Fylkesmannen, datert 23.04.2012.
-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):
Dokumentet «Overordna analyse for Gloppen kommune» med vedlegg, datert 25.04.2012.
Kommunelova.
Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
Kontrollutvalssak 029/11 «Overordna analyse» og 13/12 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
  1.
  2.
  3.
  4.
  5.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

PLAN FORVALTINGSREVISJON – GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for kommunestyreperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*

b) *forvaltinga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*

c) *regelverket vert etterlevd,*

d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*

e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*

f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 029/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

I kontrollutvalsmøte 03.05.2012 i sak 013/12 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen – evaluering.
- Ommheimling av sjukeheimsplassar – effektar..
- Bekymringsmeldingar i barnevernet.
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal egedomsmasse.

- Utvikling av kostvader i drift over tid, med spesielt auge på kultur sin store auke framover og skule sin manglande innteningar tross skulestrukturendring.
- Økonomiplanlegging
- Saker som medfører budsettendringar
- Forvaltningsrevisjon i selkap.

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2012 er også henta inn. Planen ligg ved. Planen syner at det skal vere tilsyn om «Regionalt miljøprogram og «spesielle miljøtiltak i jordbruket», «Oppfølging av rusmiddelavhengige» og «Beredskap for samfunnstryggleik» i 2012.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2015.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra:	Tveit Asgeir
Sendt:	24. mai 2012 15:43
Til:	'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'; 'Markvard Sunde'; 'Gunnar Ryste'
Kopi:	'marit.elisabeth.larssen@gloppen.kommune.no'; 'Bø Bjarne (bjarne.bo@enivest.net)'
Emne:	Overordna analyse -sak på kontrollutvalsmøte 4.6.12

Vi gjer merksame på at saka om overordna analyse står på sakskartet igjen 4. juni 2012. Dette fordi rådmannen ikkje kunne møte i førre møte. Kontrollutvalet ynskjer at evt. innspel frå rådmannen vert gjeve i møtet. Revisor vil også bli kalla inn i saka. Det er ikkje venta at revisor går gjennom presentasjonen av overordna analyse på nytt.

Med helsing

\sgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtvt

Plan for forvaltingsrevisjon (Forslag)

Gloppen kommune

2012 -2015

Innhald:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltingsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

> **§ 10.** *Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon*
>
> Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.
>
> Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvalting i kommunen, og ser forvaltingsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltingsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltingsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltingsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltingsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for kommunestyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltingsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltingsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltingsrevisjon

Forvaltingsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som "..*systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.*"

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om

- *a) forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader*
- *b) ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- *c) regelverket vert etterlevd*
- *d) styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- *e) vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltingsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømande, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltingsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

1. Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse.
2. Tilpassa opplæring i grunnskulen.
3. Bekymringsmeldingar i barnevernet.
4. Saker som medfører budsjettendringar.
5. Omheimling av sjukeheimsplassar – efektar.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvale ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltingsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltingsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningsliner.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultata av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til kommunestyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

Oversikt over tilsyn, kontrollar og kommunebesøk i 2012

Oppdatert plan pr 21.06.2012

Utdanningsavd **Kommune/målgruppe**	Beredskap **Tidspunkt**	Helse-, sosial og justisavd **Tiltak / område**	Landbruksavd **Kontaktperson hjå Fylkesmannen**
Førde kommune	15.02.2012	Tilsyn etter barnehagelova	Berit Rygg
Flora kommune	16.02.2012	Tilsyn etter barnehagelova	Bodhild Therese Cirotzki
Luster kommune	05.03.2012	Produksjonstilskot og regionalt miljøprogram	Helen Haaland
Luster kommune Hafslo barne- og ungd skule og Luster ungd skule	15. - 16. 02.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Helge Pedersen
Naustdal kommune	28. 02 - 01.03.2012	Systemrevisjon barnevern	Siv Bianca Kjosås
Aurland/ Lærdal kommune (interkommunal teneste)	06.03.- 08.03.2012	Systemrevisjon barnevern	Siv Bianca Kjosås
Sogndal kommune	08.03.2012	Tilsyn etter barnehagelova	Berit Rygg
Vik kommune Flatbygdi skule	21.03.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Frans Jacob Krebs
Balestrand kommune Sagatun skule	22.03.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Frans Jacob Krebs
Balestrand og Høyanger kommune	27.03.2012	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket	Helen Haaland
Selje kommune	28.03.-30.03	Systemrevisjon barnevern	Line Pedersen Døsen
Stryn, Hornindal og Gloppen. Møtestad Stryn	**29. mars**	**Felles kommunemøte**	**Marit Lunde**

Førde kommune	11.04.-12.04. 2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Elisabeth Lund-Iversen
Eid kommune	26.04.-27.04 2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Elisabeth Lund-Iversen
Bremanger kommune	18.04.-19.04.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen
Stryn kommune	25.04.-26.04.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen
Solund kommune Hardbakke skule/ Solund ungd skule	25.04.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Helge Pedersen
Solund kommune	02.05.2012	Produksjonstilskot og regionalt miljøprogram	Helen Haaland
Gulen kommune Brekke skule	26.04.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Helge Pedersen
Bremanger kommune	15.05.2012	Tilsyn etter barnehagelova	Bodhild Therese Cirotzki
Gloppen kommune	15.05.2012	Regionalt miljøprogram og spesielle miljøtiltak i jordbruket	Helen Haaland
Vågsøy kommune	22.08.-23.08.2012	Oppfølging av rusmiddelavhengige	Astrid Tveit
Høyanger kommune	07.06.-08.06.2012	Oppfølging av rusmiddelavhengige	Astrid Tveit
Gloppen kommune	14.06.-15.06.2012	Oppfølging av rusmiddelavhengige	Astrid Tveit
Årdal kommune	12.09.-13.09.2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Elisabeth Lund-Iversen
Førde kommune	29.08.-30.08.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen

Solund kommune	22.08.-23.08.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen
Flora kommune	28.08.-29.08.2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Siv Bianca Kjosås
Solund kommune	03.09.2012	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Berit Rygg
Jølster, Førde, Naustdal og Gaular	04.09.2012	**Felles kommunemøte**	**Marit Lunde**
Hyllestad kommune	04.09.2012	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Bodhild Therese Cirotzki
Førde kommune	18.09.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Flora kommune	20.09.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Sogndal kommune	11.09.2012	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket	Helen Haaland
Fjaler kommune	veke 40	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Bodhild Therese Cirotzki
Gloppen kommune	16.10.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Fjaler kommune	18.10.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Høyanger kommune	31.10.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Gaular kommune	16.10.2012	Produksjonstilskot og regionalt miljøprogram	Helen Haaland
Høyanger, Flora og Årdal kommune	mai.12	Kommuneundersøking. Naturmangfaldlova kap 2 og ureiningsforskrifta kap 2	Torunn Hønsi
Selje, Vågsøy Eid	06.11.2012	**Felles kommunemøte**	**Marit Lunde**

Vik kommune	Veke 45	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Bodhild Therese Cirotzki
3 kommunar		Opplæringslova kap. 4a Vaksenopplæring, dokumenttilsyn	Frans Jacob Krebs
Bremanger, Flora og Askvoll	Utsett til 2013	**Felles kommunemøte**	**Marit Lunde**
Alle kommunane	2012	Krisesentertilbod (sjølvmeldingstilsyn)	Hanne Skei Veum
4 kommunar	UTSETT	Helsestasjonsteneste for dei minste	Bjørg Eikum Tang

024/12 BUDSJETT FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET 2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat
Dato: 15.08.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutval	23.08.2012	024/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.
- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for møtegodtgjersle Gloppen kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Gloppen kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	3.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	23.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr.	600,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	15.000,-
11959: Kontingentar	Kr.	4000,-
Drift av kontrollutvalet	Kr.	47.000,-

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Gloppen kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:
Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Telefongodtgjersle
Andre utgifter

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Gloppen er fastsett av kommunestyret den 13.12.2010. Satsane som er sett inn i reglementet gjeld for 2012 og har som grunnlag at godtgjersla til stortingsrepresentantane er kr. 750.900,-. Godtgjersla til folkevalde i Gloppen er knytt til ordføraren si godtgjersle. Denne utgjer 85% av den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane. Følgjande satsar er nytta i utkast til budsjett for drift av kontrollutvalet for 2012:
- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 180,- pr. time, maksimum kr. 1.800,- pr. dag, inkludert feriepengar. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekka etter dokumentasjon inntil kr. 1800,- pr. døgn.
- Møtegodtgjersle medlemer kontrollutvalet kr. 640,- pr. møte.
- Møtegodtgjersle leiar av kontrollutvalet kr. 960,- pr. møte.

Det er teke utgangspunkt i at det vert fem møte pr. år. Kommunestyret har også gjort vedtak om at det i valperioden 2011 – 2015 skal vere fem medlemer i kontrollutvalet.

Gloppen kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa

har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Gloppen kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I GLOPPEN 2013

Konto				
11600	Køyregodtgjersle	3000	(5*3,9*150)	
10800	Tapt arbeidsforteneste	6000	(10*3*180*1,1 (0*1800)	feriepengar
10800	Møtegodtgjersle (leiar)	5000	(5*960)	
10800	Møtegodtgjersle	13000	(20*640)	
10990	Arbeidsgjevaravgift	1000	10,6% av tapt arb.fort.	
11500	Kurs/seminar	15000		
11959	Kontingent FKT	4000		
		0		
	Drift	**47000**		

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Gloppen

Reglement er fastsett av kommunestyret den 13. desember 2010.

Satsane som er sett inn gjeld for 2012, og har som grunnlag at godtgjersla til stortingsrepresentantane er kr 750.900,-.

Last ned skjema for reiser og tapt arbeidsforteneste!

Glop
Grar
6823
E-po
Tele
Faks
Org.
Opni

I: Omfang og former for godtgjersle

§ 1-1 Heimel
Reglementet er fastsett i medhald av kommunelova §§ 41 og 42.

§ 1-2 Omfang
Reglementet gjeld for folkevalde ombod i kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova eller særlov.

Reglementet gjeld i tillegg til kommunale møte også for representasjon i styre og råd og på møte og konferansar, dersom møteorganisasjonen sjølv ikkje betalar godtgjersle.

§ 1-3 Former for godtgjersle
Reglementet omfattar følgjande former for godtgjersle:
1. Møtegodtgjersle, fast og variabel
2. Tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekking.

II: Møtegodtgjersle

§ 2-1 Grunnlag
Møtegodtgjersla i Gloppen er knytt til godtgjersla til ordføraren, som igjen er knytt til den faste godtgjersla til representantane på Stortinget. Godtgjersla skal regulerast fortløpande etter endringane i representantgodtgjersla på Stortinget. Reguleringa skjer i ettertid, og blir gjort frå 1. januar kvart år.

§ 2-2 Fast godtgjersle
Fast godtgjersle blir utbetalt slik:

- Ordførar: årleg godtgjersle tilsvarande 85 % av representantgodtgjersla på Stortinget (i 2012 kr 638.265,-)
- Varaordførar: årleg godtgjersle tilsvarande 10 % av ordføraren si godtgjersle (i 2012 63.826,50)
- Dei andre medlemmene i formannskapet og leiarane i hovudutvala: årleg godtgjersle tilsvarande 4 % av ordføraren si godtgjersle (i 2012 kr 25.530,60).

§ 2-3 Variabel møtegodtgjersle
Den variabel møtegodtgjersla utgjer per møte 1 ‰ av ordføraren si godtgjersle (i 2012 kr 638,25). Leiarar i utval som ikkje har fast møtegodtgjersle, får utbetalt per møte 1,5 ‰ av ordføraren si godtgjersle (i 2012 kr 957,40). I utval der leiar eller andre medlemmer også har sekretæransvaret, blir det utbetalt ytterlegare 1,5 ‰ for denne funksjonen (i 2012 kr 957,40). Det blir ikkje betalt møtegodtgjersle for meir enn eitt møte per dag.

Folkevalde som mottar fast årleg godtgjersle, får ikkje møtegodtgjersle i det utvalet som den faste godtgjersla er knytt til. Ordføraren får ikkje variabel godtgjersle og formannskapsmedlemmene og utvalsleiarane får ikkje møtegodtgjersle for møte i kommunestyret.

III: Utgiftsdekning

§ 3-1 Tapt arbeidsforteneste
Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgjersle får dekka tapet etter desse reglane:

a.
Ulegitimert tap: kr 180,- per time, maksimum kr 1.800,- per dag, inkludert feriepengar. Dei som kan sannsynleggjere at tapet er vesentleg større enn kr 180,- per time, får dekka tapt arbeidsforteneste etter pkt. b.

b.
Med legitimasjon (trekk i lønn): inntil kr 1.800,- per døgn, inkludert feriepengar.

Satsane blir regulert kvart år tilsvarande auken i avlønninga for assistent i topplønn i det kommunale lønnsregulativet. Reguleringa skjer i ettertid og blir gjort frå 1. januar kvart år.

§ 3-2 Skyss- og kostgodtgjersle
Folkevalde har rett på skyss- og kostgodtgjersle etter kommunen sitt reiseregulativ.

§ 3-3 Pass av barn
Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn i samband med kommunale møte etter satsane i § 3-1, punkt a.

IV: Særskilde reglar

§ 4-1 Utbetaling
Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt automatisk. Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, blir utbetalt etter rekning.

§ 4-2 Tolking av reglementet
Formannskapet tolkar reglementet og tar stilling til tvilstilfelle.

§ 4-3 Iverksetjing m m
Reglementet gjeld frå 1. januar 2011. Frå same tidspunkt blir reglementet for godtgjersle til folkevalde i Gloppen, vedteke av kommunestyret den 24. juni 2002, oppheva.

Publisert av Jan Kåre Fure. Sist endra 26.07.2012

025/12 REKNESKAPAR AVSLUTTA INVESTERINGSPROSJEKT – GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	23.08.2012	25/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):
- Kontrollutvalsak 013/10.
- Kontrollutvalsak 018/10.
- Økonomirutinar for Gloppen kommune.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

REKNESKAPAR AVSLUTTA INVESTERINGSPROSJEKT – GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Fråsegn frå kontrollutvalet om rekneskapar og sluttrapportar etter investeringsprosjekt.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 07.10.2010 gjorde kontrollutvalet under sak 013/10 "Eventuelt" følgjande vedtak:

" Kontrollutvalet ber om å få framlagt ei sak til neste møte, vedrørande sluttføring av investeringsprosjekt i Gloppen kommune."

Saka kom opp etter at SEKOM-sekretariat orienterte om korleis rekneskapar og rapportar etter avslutta investeringsprosjekt vert handsama i Sunnfjord- og Ytre-Sogn-kommunane i SEKOM-samarbeidet.

Kontrollutvalet har etter § 4 ansvar for å føre det laupande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Eit element i dette kan vere å ha fast rutine på handtering av rekneskapar og sluttrapportar etter investeringsprosjekt over ei bestemt kostnadsråme.

Grensene for kor store prosjekta skal vere før dei går til handsaming i kontrollutval, formannskap og kommunestyre som eigne saker varierer mykje frå kommune til kommune. Dei fleste kommunane i samarbeidet har pr. i dag ei grense på kr. 100.000,-. Andre kommunar har sett grensa til kr. 500.000,-. Medan Førde kommune opererer med ei grense på 10.000.000,-.

Dei andre kommunane i SEKOM-samarbeidet har denne rutinen innarbeid i sine økonomireglement, eller er i ferd med å få det innarbeid i sine økonomireglement.

Handteringa til kontrollutvalet er tilnærma lik handtering av rekneskapar til kommunale føretak og kommunerekneskapen ved at kontrollutvalet gjev ei fråsegn til rekneskapen som så går vidare til formannskapet og kommunestyret for vedtak.

I kontrollutvalsmøte den 02.12.2010 gjorde kontrollutvalet einstemmig vedtak om følgjande tilråding til kommunestyret:

- *Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostnad over kr. 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. Storleiken på beløpet vert teke opp til vurdering annakvart år.*
- *Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.*

Den 13.12.2010 gjorde kommunestyret tilsvarande vedtak i kommunestyresak 057/10.

11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at kommunestyrevedtak 057/10 ikkje er effektuert.

Sekretariatet si vurdering

026/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.08.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutval	23.08.2012	026/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 05. juli 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppebn kommune. 13.12.10 Vedtak kst sak 057/10: - *Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.* - *Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.* 11.06.12: **I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effekturert.**
11/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen	01.06.11		01.06.11: Tilråding til kst. 01.06.11: s kst. 14.07.11 Påminning om saka. 18.07.11 Stadfesting mottak av påminning. 23.02.12 Brev til Gloppen kommune 04.06.12 Brev lagt som sm til møtet i KU. **Ikkje handsama i kst.**
Sak 028/11Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt.	02.12.11		29.06.11 Brev til Gloppen kommune. 02.09.11 Brev til Gloppen kommune 02.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet utset val av forvaltningsrevisjonsprosjekt inntil Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2011 – 2015 er vedteken av kommunestyret.
Sak 029/11 Overordna analyse – tinging.	02.12.11		02.12.11 Vedtak i KU – "Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord."
Sak 030/11Reglement for kontrollutvalet.	02.12.11		02.12.11Vedtak KU- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen. 06.12.11 Reglementet for kontrollutvalet sendt til KS 23.02.12 Brev til fmsk om ku sin innstillingsrett til kst. 23.02.12 Div e-postar 24.05.12 E-post til sh om status. 04.06.12 Brev av 23.2.12 Lagt som sm til møtet i KU 04.06.12 Kopi av brev frå fm til G. kom lagt ved som

			sm. 21.06.12 Brev frå rm til G.kom. Sjå skriv og meldingar.
Sak 002/12 Skriv og meldingar.	22.02.12		22.02.12Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få lagt fram reglement for tapt arbeidsforteneste. - Det vert teke opp eiga sak på SM 02-12. - Resterande skriv og meldingar vert teken til vitande. 23.02.12 E-post «Tapt arbeidsforteneste» sendt til Gloppen 23.02.12 Motteke, 04.06.12 Lagt som SM til KU-møte-
Sak 003/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gloppen.	22.02.12		22.02.12Vedtak KU- Årsmelding 2011 for kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent. 23.02.12 Årsmelding sendt til KS. 19.03.12 Vedtak kst sak 010/12
Sak 005/12 Papirlaust kontrollutval.	22.02.12		- 22.02.12Vedtak KU- Kontrollutvalet vil på noverande tidspunkt halde på den løysinga dei har vedrørande utsending av dokument til kontrollutvalet. - Kontrollutvalet ber om å få bli med i dei vurderingane som vert gjort i høve til løysinga med politisk plattform. - 23.02.12 E-post sendt til Gloppen kommune. - 19.03.12 Vedtak kst sak 09/12 Referat og orienteringssaker.
Sak 006/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – Gloppen	22.02.12		- 22.02.12Vedtak KU- Kontrollutvalet ber om at rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS vert lagt fram for kommunestyret. - 23.02.12 E-post sendt itl Gloppen kommune. **Ikkje handsama i kst**
Sak 008/12 Sak formannskapet – reglement for kontrollutvalet.	22.02.12		- 22.02.12 Vedtak ;KU: Kontrollutvalet ber formannskapet trekkje saka frå sakskartet. - 23.02.12 Brev «Reglement for kontrollutvalet Gloppen kommune» sendt til Gloppen kommune. - 23.02.12 Div e-postar om saka. 24.05.12 Bede sh om status. 04.06.12 Brev av 23.2.12 Lagt som sm til møtet i KU 04.06.12 Kopi av brev frå fm til G. kom lagt ved som sm. 21.06.12 Brev frå fm til G.kom
Sak 09/12 orientering leiarutviklingsprogram Gloppen kommune	22.02.12		22.02.12 Vedtak KU – Kalle rdm inn til neste møte for å orientere.
Sak 10/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU : Ingen merknader
Sak 11/12 Skriv og meldingar	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU: Teke til vitande.
Sak 12/12 Orientering leiarutviklingsprogram	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU: Saka utsett til neste møte.
Sak 13/12 Overordna analyse	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU: Utsett til neste møte
Sak 14/12 Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande. 04.04.12 s kst til orientering
Sak 15/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Gloppen	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 16/12 Eventuelt	03.05.12		03.05.12 Møte tidfesta 12. sep vert flytta til 23. aug
Sak 17/12 Godkjenning av	04.06.12		04.06.12 Vedtak KU – Ikkje merknader.

innkalling og saklsite			
Sak 18/12 Årsrekneskapen 2011 – Gloppen kommune.	04.06.12		04.06.12 Fråsegn til kst
Sak 19/12 Eventuelt	04.06.12		04.06.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet tek i neste møte opp sak om å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 057/10 «Rekneskap for avslutta investeringsprosjekt – rutinar» av 13.12.10. - Kontrollutvalet tek i neste møte opp sak om å følgje opp at kontrollutvalsak 11/11 «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS» av 01.06.11 vert lagt fram for kommunestyret. - Kontrollutvalet handsamar plan for forvaltningsrevisjon i neste møte i kontrollutvalet.

Oppdatert 05.07.2012

027/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.08.2012

Utval	Dato	Utv.-Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	23.08.2012	027/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.